Den politiske kulturen, slik den vart uttrykt ved partivala i Telemark frå 1906, set på denne måten fylket i ei særstilling. Det står fram som ei kryssing mellom Austlandet og Vestlandet. Vi skal no vende blikket innover mot Telemark for å få fram særtrekk ved denne politiske kulturen.

Ei venstreborg

Framfor valet i 1906 vart det innført ei nytt valsystem i Noreg som galdt fram til og med valet i 1918. Landkommunane i Telemark vart delte inn i fire ein-

mannskrinsar, Vest-Telemark, Aust-Telemark, Bamble og Gjerpen krins. Skien, Porsgrunn og Kragerø var egne bykrinsar, medan Notodden, som fekk bystatus i 1913, delte representant med Kongsberg og Hønefoss, og Brevik med Holmestrand.⁴ I desse tilfella tvinga altså valordninga fram samarbeid over fylkesgrensene.

Den nye valordninga var ei utfordring for fylkespartia som måtte reorganiseras. Venstre var det partiet som på denne tid hadde den best innarbeidde amtsorganisasjonen, men valordninga skapte behov for djuptgripande endringar. Dette vart tidleg avklara. Alt i 1906 vart egne krinsorganisasjonar sette på beina. Dette var viktig for «konsolideringa» av landsvenstre to år seinare. Når Bratsberg Venstre fekk ei førande rolle, er ei forklaring den innverkanden Gunnar Knudsen hadde. Han var ingen tilhengar av eit samlingsparti, og då han gjekk ut av regjeringa Michelsen, stilte han seg i spissen for eit «reint» Venstre. Telemark Venstre var ikkje berre republikansk, men førte også vidare tradisjonane frå Reine Venstre i 1880-åra.


I landkrinsane gjorde Venstre så å seie reint bord i alle val under den nye valordninga. Ordninga favoriserte partiet. Vala vart ofte sikra i første omgang eller ved å mønstre fleirtal i andre. Det var stor kontinuitet i personsamansetjinga. Mange vart derfor sitjande i fleire periodar på Stortinget og

Det var rekordstor oppslutning om 1. mai-feiringa på Rjukan i 1918. Bildet viser toget i kyrkjesvingen. Fanene i toget hadde antimilitaristiske slagord og krav om 8-timarsdag.
Foto: Fotograf ukjent / Norsk Industriarbeidermuseum



Ivar P. Tveiten (1850–1934) frå Fyresdal var fast stortingsrepresentant for Venstre 1904–1924. Han var stortingspresident 1917–1920 og 1922–1924 og sat som kyrkje- og undervisningsminister i Mowinckels 1. regjering 1924–1926. Han markerte seg som ein ivrig talsmann for fråhald og landsmål og sat fleire år som landsmåletts førar på Stortinget.


Foto: Bendik Taraldlien / utlånt av Lars Veum



kom til å markere seg blant dei mest sentrale venstrepolitikarane. Frå Vest-Telemark galdt det gardbrukar og lærar Ivar P. Tveiten frå Fyresdal. Han vart valt inn på Stortinget i 1903 og sat som representant til 1924 og hadde fleire sentrale verv i partiet.⁵ Han stod nær Arbeidardemokratane, eit parti som stod sterkast i Vest-Telemark.⁶ Ein annan var Gjermund Grivi frå Bø. Han vart valt inn på Stortinget i 1903 og sat der med nokre opphald fram til valet i 1930. Han stilte ikkje til val i 1912, men vart då erstatta av Jørgen Løvland, Noregs første utanriksminister og ein av dei mest profilerte politikarane i landet i denne perioden. Veteranen Peder Rinde, stortingsmann sidan 1877, representerte Bamble krins fram til valet i 1918, då han vart slått ut av Olav Sannes, gardbrukar frå Drangedal. Sannes var fleire år ordførar i Drangedal og vart valt inn att på Stortinget i 1925 der han sat fram til valet i 1933. Så var det sjølvsagt Gunnar Knudsen, representant for Gjerpen krins. I den tid han sat som statsminister, møtte varamannen Nils Skilbred, også han ein aktiv kommunepolitikar.

Kjerneområdet til partiet var Vest- og Midt-Telemark. I stortingsvala i perioden 1906 til 1918 fekk Venstre jamt over oppslutning på mellom 60 og 90 prosent i alle vesttelemarkskommunane. Like eins stod partiet sterkt i Kviteseid, Seljord og austover mot Hjartdal og Gransherad, og i Lunde og Bø. Dette var fjell-, skogs- og jordbrukskommunar, alle med ein heller egalitær sosial struktur. Jordbruksbygdene vart breiare og gardane større i Midt-Telemark, men stort sett var heile styrkebeltet til Venstre eit småbruksdistrikt der mesteparten av arbeidet på gardane vart utført av familiearbeidskrafta: «Eigedomsstrukturen og særleg gardsstorleiken hadde noko vestlandsk eller

Oppslutninga om Venstre 1912



Venstres oppslutning ved stortingsvalet 1912 – som viser at partiet stod sterkt i heile fylket, men særleg i Vest- og Midt-Telemark.

sørvestlandsk over seg», skriv Jostein Nerbøvik.⁷ Sosialt sett likna telemarksvestre på Agder og Vestlandet. Partiet treivst best der dei sosiale motsetningane var små.

I bykrinsane var Venstres oppslutning meir variabel. Partiet stod sterkt i Skien, men svakare i Porsgrunn og Kragerø. Skien fekk tidleg, alt i 1880-åra, eit relativt sterkt og radikalt Venstre. Det hadde oppslutning frå og var talerør for arbeidarane (sjå Berntsen). Men Skien var også ein handels- og grosser-arby som vende auga innover mot amtet, og Venstre hadde oppslutning frå småborgarskapet og mellomlaga i byen. Kjøpmann Carl Stousland, som ei årrekke var medlem av Skien bystyre, mange år som ordførar, representerte partiet på Stortinget i fleire periodar. Han kom på kollisjonskurs med moderpartiet i fleire saker, mellom anna om konsesjonslovene.⁸ I 1918 stilte han som uavhengig kandidat for Skien og sprengde dermed Venstre ved valet. Nabo-kommunane rundt Skien, Siljan og Gjerpen, var lenge sterke venstreregionar. Men Porsgrunn var konservativ med eit relativt sterkt Høgre. Porsgrunn var ein skips- og sjøfartsby «gjennomsyret av en standspreget og paternalistisk

kultur»⁹ som gav betre grobotn for Høgre. Partiet samarbeidde tett, både her og i resten av Bratsberg og landet, med Frisinna Venstre.

Kyststroka var politisk sett meir varierte. Venstre kunne hevde seg godt nokre stadar, som t.d. i Skåtøy, som var eigen kommune til 1960. Det same galdt Kragerø. Men elles stod både Høgre og Frisinna Venstre relativt sterkt i heile kystbeltet frå Eidanger til Kragerø og Skåtøy. Dette var også område som mest slutta opp om kongedøme ved avrøystinga i 1905 og såleis braut ut av dei sterke republikanske stemningane som Venstre målbar.¹⁰

Flyttar vi oss innover i landet igjen, var den nye bykommunen frå 1913, Notodden, prega av eit sterkt og veksande Arbeidarparti. Samstundes hadde Notodden eit sterkt Venstre. Den første ordføraren i den nye byen kom frå Arbeidarpartiet, men i heile perioden 1914–1923 var det borgarleg fleirtal og Venstre-ordførar det meste av tida. Men etter kommunevalet i 1922 overtok Arbeidarpartiet politikken i byen og sat i føringa heilt fram til 1990-åra.¹¹

Venstre-rørsle

Venstre er «mindre et parti end en retning», skreiv venstreavisa *Nidaros* i 1918.¹² Leiv Mjeldheim utdjupar same poenget:

«Venstre var først og fremst instrument for ei rørsle (...) som rømde eit vidt spekter av kulturelle og sosiale opposisjonselement: fråhaldsrørsle, målrørsle, delar av lekmanrørsle, «bondereisninga» og dei ikkje-sosialistiske arbeidarane.»¹³

Dette gjeld i høg grad Telemark Venstre. Partiet stod ikkje berre i eit tett slektskap med, men kvilte i stor grad på organisasjonar som var knytte til ein brei folkeleg kultur i samtida. Valordninga frå 1906 til 1920 gav desse rørslene større armslag som interessegrupper. Både kunne dei stille til val i enkelte einmannskrinsar, og dei kunne setje press på kandidatar frå andre parti ved å be dei svare på konkrete spørsmål om haldningar som til dømes språk, alkohol og kristendomens stilling. På denne bakgrunn vart Avholdspartiet skipa i 1905, året etter sette målfolket opp eit målpolitisk program, og seinare (1907) kom Kirkepartiet, og riksmålsfolket fekk eigen landsskipnad.¹⁴

Det var særleg Venstre som kom i søkelyset. I Telemark hadde partiet alt bunde seg til målrørsle. Mållaga i amtet vart først oppretta i venstrebygdene i Midt- og Vest-Telemark og starta her arbeid for å innføre landsmål i skulen og som administrasjonsspråk i herada – og som kyrkjespråk. I 1899 vart det danna eit felleslag for Bratsberg og agderamta, men det vart lagt ned i 1907, mest av praktiske grunnar. I 1908 vart Telelaget skipa, året etter med målbladet *Norig* i Skien som hovudorgan. Telelaget vart eit av dei største fylkeslaga tilslutta Noregs Mållag.¹⁵ I Venstre vart målspørsmålet viktig – og fekk sterke talsmenn. Både Gjermund Grivi og Ivar Tveiten var sentrale målpolitikarar



i partiet, og når Jørgen Løvland vart stilt opp som kandidat for Venstre i 1912, var målsaka ein viktig grunn. Løvland hadde då vore leiar i Noregs Mållag i tre år. Både Grivi, Tveiten og Løvland var rekna mellom dei «måltreliøse», dei som kravde at landsmålet skulle ha einerett til status *norsk mål*.¹⁶ I dei meir urbane stroka i Nedre Telemark stod måltanken svakare. Gunnar Knudsen hadde problem med målposten Venstre førte opp på programmet sitt. Men både av nasjonale og regionale grunnar måtte han kalle seg målven. I Telemark var det utenkjeleg å svekkje målposten. Venstre hadde «bunde seg til målstrevet med ideologiske band som det sjølv hadde spunne, og som det ikkje kunne frigjere seg frå så lenge partiet hadde gjort krav på å representera all nasjonal vilje i folket».¹⁷

Målrørsla fekk ei sterk folkeleg forankring i den frilynde ungdomsrørsla. Dei to organisasjonsrørslene var «runne av same rot og tufta på same nasjonale grunn».¹⁸ Telemark ungdomssamlag vart skipa på Årnes i 1895. Ti lag stod bak, men dette talet voks raskt. I 1920 fanst det 48 enkeltlag i fylket med til saman knapt 2500 medlemmer.¹⁹ Programmet som gjekk att, var å fremje landsmålet og den norske kulturen og motarbeide rusdrykk. Dei erklærte seg politisk nøytrale, men det var ingen løyndom at dei låg tett inntil Venstre. Dei låg også nær folkehøgskulekulturen som hadde ei sterk stilling i amtet. Folkehøgskulen som starta i Seljord i 1878 og heldt det gåande der med nokre mellomrom til 1914, då den flytta til Kviteseid, vart eit kulturelt fyrtårn for både målrørsla og den frilynde rørsla – og for Venstre-rørsla. Sentrale menn

Ungdomslaget Dølelaget 17. mai 1923 framfor det nybygde Fjellvang i Edland. Dølelaget vart skipa rundt hundreårsskiftet, det låg nede under første verdskrig, men vart gjenreist etter krigen. Fjellvang vart bygd på dugnad og stod ferdig i 1922.

Foto: Fotograf ukjent/ utlånt av Ragnvald Christenson



Losje Verdandi i Skien. Verdandi var namnet på den internasjonale losjerørsla som arbeidarfråhaldsrørsla slutta seg til.

Foto: Ragnvald Nyblin / Telemark Museum

som Viggo Ullmann, amtmann i Bratsberg 1902–1910, og Jacob Naadland, som begge var knytte til miljøet ved folkehøgskulen, personifiserte desse samanhengane.²⁰


Fråhaldsrørsla, som i denne perioden vart den mektigaste folkerørsla i landet,²¹ hadde også ei sterk stilling i Venstre – og i Telemark. Men fråhaldsfolket lena seg ikkje berre på Venstre. I Porsgrunn, der landets første IOGT-foreining vart oppretta i 1877, fekk eit politisk konservativt Avholdsparti ei sterk stilling.²² Fråhaldstanken fekk stor utbreiing i kystkommunane. Det første totalfråhaldslaget i Telemark vart skipa i Kragerø alt i 1870. Det danna grunnstammen i Avholdspartiet som vart det største partiet i byen både ved stortingsvalet i 1915 og kommunevalet i 1916.²³ I sjøfartsstroka kom impulsar utanfrå inn i lokalmiljøa. Det galdt også impulsar til religiøse organisasjonar, som slo sterke røter i nedre delar av fylket (sjå Gulliksen).

Fråhaldstanken fekk også feste i arbeidarrørsla. Arbeidarpartiet var det første partiet i Noreg som programfesta eit nasjonalt forbod (1912) under parolen forma av Kyrre Grepp: «Et samfundsonde innskrenker man ikke, det avskaffer man». I Bratsberg gjekk både partilag og fagforeiningar inn for ei fråhaldslinje. Linja hadde både ein politisk og ein sosial bodskap. «Rusdrikkens avskaffelse er det største skritt til arbeiderklassens frigjørelse» heitte det

Forbodsrøystinga 1919



Prosent



Forbodsrøystingane 1919 og 1926 i Telemark. Ja-stemmer i prosent av godkjende stemmer.

Forbodsrøystinga 1926



i ein resolusjon frå Avholdsfolkets dag som arbeidarorganisasjonane arrangerte på Rjukan i 1910. Ved streiken same året vedtok Jern og Metall «alkoholstreik»; ingen skulle skaffe seg alkohol medan streiken pågjekk, og dei som viste seg rusa, skulle stemplast som streikebrytarar.²⁴ Aksjonen var eit svar på eit ganske omfattande problem med fyll og gauking, særleg i anleggsperiodane både på Rjukan og Notodden. Notodden vart eit senter for rallarar på reisefot, ofte på veg til byar med brennevinssal (samlag) – til Kongsberg eller med båt til Skien og vidare til Kristiania.

Arbeidarrørsla hadde sine egne organisasjonar for fråhaldsarbeidet. Fleire av dei vart knytte til *Verdandi*, som braut ut av IOGT i protest både mot den religiøse tilknyttinga og vekta som vart lagd på det moralske ansvaret enkeltindividet hadde. For *Verdandi* var alkoholbruk i første rekkje eit sosialpolitisk problem. Arbeidarfråhaldslaga gjekk derfor til vanleg ikkje inn i det organiserte fråhaldsarbeidet som breidde seg over heile fylket i denne perioden. Det kom losjar i alle kommunar, og alkoholspørsmålet vart ein viktig del av arbeidet til den frilynde ungdomsrørsla – ein måtte «reinska ungdomslagi – ja heile ungdomslivet for drykk».²⁵ Dette gjorde Telemark til ein av dei største fråhaldsregionane i landet – saman med Agder, vestlandsfylka og delar av Trøndelag. Bratsberg Venstre hadde elles sterke politikarar som fronta fråhaldssaka. Det galdt dei to «målmennene», Tveiten og Grivi. Grivi var aktiv medlem i fråhaldsgruppa på Stortinget, i 1910–1912 som formann. Han var også ein pådrivar for å setje inn forbod på Venstres program. Her møtte han motstand frå Gunnar Knudsen som var måtehaldsmann. Men som med målprogrammet var fråhaldssaka eit av dei mest sentrale spørsmåla som profilerte og konstituerte Venstre som parti, og det var vanskeleg å stå fram med atterhald i spørsmålet. Knudsen fekk også eit klarare syn for dei sosialpolitiske problema ved alkoholbruk. Han gleid derfor i retning av å skjerpe fråhaldsposten i venstreprogrammet.²⁶ I 1918 følgde partiet etter Arbeidarpartiet og programfesta både forbod og folkerøysting.

Folkerøystinga i 1919 vart ein knusande siger for fråhaldsinteressene. I landet gjekk nesten 62 prosent av dei som røysta, inn for forbod,²⁷ i Telemark var prosentdelen godt over 70. Byane drog ja-delen noko ned, men alle kommunar i amtet hadde fleirtal for forbod. I bygdene var fleirtalet på nesten 77 prosent.

Ja-fleirtalet skilde Telemark frå resten av Austlandet og stilte det meir på linje med kystfylka i sør, vest og i nord. Oppslutninga om forbodet var størst i Vest-Telemark, Midt- og Aust-Telemark. I fleire kommunar (Drangedal, Nissedal, Fyresdal, Vinje og Seljord), alle sterke venstrekommunar, mønstra ja-sida over 90 prosent av veljarane. I Vinje var det berre 20 som røysta nei.²⁸ I det heile kan det teiknast eit tydeleg samsvar mellom stor oppslutning om Venstre og ja til forbod i 1919. Dette mønsteret heldt seg også ved folkerøystinga i 1926, rett nok med langt lågare støtte til forbodet. Særleg tydeleg i 1926-avrøy-



stinga var tilbakegangen for ja-sida i byane og i industrikommunane. Ein grunn til dette var truleg fråfall blant industriarbeidarane.

Venstre-rørsla omfatta også ei presse som var viktig både for partiet og organisasjonane rundt det. Perioden fram til andre verdskrig var generelt sett ei veksttid for aviser. Dei skaut opp «som krappe bølger ... synker sammen og dukker opp igjen», men levde ved sida av «mer stabile aviser som tunge bærer over tidens urolige hav», skriv Berner Hansen.²⁹ Mange av den første typen var knytte til fråhalds- og målspeørsmålet. Notodden fekk eiga fråhaldsavis i 1909 som seinare vart flytta til Skien. Avisa *Norig* som mållaget *Dag* i Skien oppretta i 1909, heldt det gåande til midt i 1930-åra. *Norig* marknadsførte seg som ei venstreavis. Dette var eit trekk i tida. Dei fleste batt seg til eit politisk parti. *Porsgrunns Dagblad* starta som venstreavis i 1914. Redaktøren Daniel H. Grini kom frå *Varden*, den «tunge båra» blant telemarksavisene, som heile tida stod i ei særstilling. *Varden* batt seg sterkt til Venstre, vart Telemarks største avis og nådde ut til alle delar av fylket.

I motbakke

I desember 1920 tok Gunnar Knudsen imot ein uroande rapport frå Neri Valen, formannen i Bø Venstrelag, og ein «coming man» i stortingsvenstre. Laget hadde, «sikkerlig i likhet med andre bygder – i lengere tid hatt en sterk følelse av at noget alvorlig maa gjøres om ikke venstrelaget skal sovne til en ren skyggetilværelse». ³¹ Han peikte på det nye landmandspartiet som dreiv politisk agitasjon for sitt bondeprogram utover bygdene. Saman med det politiske

Plakatlar mot samlag oppstilte framfor lokala til IOGT i Kongens gate i Skien i september 1934. Før Vinmonopolet (oppretta i 1923) fekk einerett på all omsetning av brennevin og vin i 1938, kunne byar gjennom folkerøysting opprette private samlag. Fråhaldsfolket vann avrøystinga i Skien. Det same skjedde i Kragerø, Porsgrunn og Notodden der det var liknande avrøystingar same året. Det var nye avrøystingar rett etter krigen, som fråhaldstilhengarane også vann. Dei første vinmonopola i fylket kom i 1959 – i Skien og Porsgrunn.

Foto: Fotograf ukjent / Telemark Museum

arbeidet sosialistane dreiv – også utover bygdene – var faren at Venstre som parti vart øydelagt.

Åtvaringane frå Valen fekk ny tyngde ved stortingsvalet eit år seinare då tilbakegangen starta og gjorde at partiet miste den dominerande stillinga det hadde hatt i fylket. Bakgrunnen for problema til Venstre hadde samanheng med slitasjen regjeringspartiet vart utsett for, særleg under krigen då det var aksjonar mot dyrtid og forsyningsvanskar i byane og misnøye blant bøndene mot regulering av produksjon og prisar. Men dels var det også eit resultat av at den kulturrørsla Venstre hadde stilt seg i spissen for, vart svekt som politisk mobiliseringsfaktor. Det galdt fråhaldssaka som tapte oppslutning fram mot den nye forbodsavstemminga i 1926. Framleis var det fleirtal for forbod i fylket, men det hadde skrumpa inn. I alle byane, og i Tinn, vart ja-fleirtalet i 1919 snudd til nei-fleirtal. Målsaka vart meir motsetnadsfull. 1917-rettskriyinga forsterka kritikken mot «måltvang» og «formynderi». Reaksjonane mot den sterke innverknaden målfolket hadde, gjorde at «dets viktigste allierte på Stortinget, Venstre, ble svekket», skriv Gabriel Øidne.³² Vel så viktig var det at økonomiske og sosiale spørsmål kom meir i forgrunnen i den politiske debatten til fortrengsel for spørsmål knytte til den kulturelle bygdereisinga. I fylkesungdomslaget vart det klagt over at agitatorar som «tala til dei låkaste instinkta i menneskja», fekk folk med seg og gjorde det vanskelegare å få dei «oppglødd for nasjonale og ideelle hugsmål».³³ Her var framgangen arbeidar-

BRATSBERG BLIR TELEMARK

I 1919 vart namnet *Bratsberg amt* endra til *Telemark fylke*, og amtmannen fekk tittelen fylkesmann. Namneendringane var lekk i ein rikspolitisk prosess som munna ut av dei nasjonale stemningane og fornorskingspolitikken frå hundreårsskiftet. Venstre var pådrivar. I denne prosessen vart ei rekkje stadnamn, kommunenamn og administrative nemningar endra. Slik vart Sannikedal til Sannidal, Slemdal til Siljan, Saude til Sauherad og Hitterdal til Heddal. Namneendringa til Telemark var omtvista, men kom ikkje til å vekkje sterk strid, korkje i Stortinget eller i debatten i fylket. Nokre ville halde på namnet Bratsberg, men det fekk lita tilslutning. Bratsberg var eigentleg eit gardsnamn, og

det var eit poeng å få eit namn som dekte heile regionen. Det gjorde heller ikkje *Telemark*, som tidleg kom opp som eit forslag. Eit motforslag om eit dobbeltnamn, *Telemark og Grenland*, møtte bastant motstand frå venstrerepresentantane frå Vest- og Aust-Telemark. Namnet *Grenland* hadde inga sterk stilling på denne tid. Det var teke opp først på 1900-talet, også som lekk i fornorskingspolitikken og som avløyser av det tidlegare brukte «Skiensfjorden», men det hadde ikkje gliidd inn i vanleg språkbruk. Eigentleg var det eit gammalt namn for bygdene rundt Norsjø.³⁰ Telemark hadde fått ein heilt annan plass i språket. Etter det nasjonalromantiske gjennombrøtet på 1800-talet og det industrielle

gjennombrøtet først på 1900-talet hadde *Telemark* nærast blitt eit merkenamn både på den tradisjonsbundne norske bondekulturen og på det moderne Industri-Noreg. Framveksten av skiidretten som fekk Morgedal som fødestad, konsoliderte denne posisjonen som merkenamn, også internasjonalt. Telemarks-namnet var elles alt teke i bruk i fleire samanhengar på fellestiltak i amtet. Det heitte Telefylkets Arbeidersamlag (1891) og Telefylkets ungdomssamlag (1895). Det siste stod bak opprettinga av Telefylkets forelesingslag i 1911, og mållaget som kom i amtet i 1908, heitte Telelaget. Det var sjølvsagt ikkje tilfeldig at det nettopp var desse organisasjonane som brukte telemarksnamnet.

rørsla hadde, sett på som eit problem. Ein tydeleg tendens i mellomkrigstida var at heile venstrekulturen vart meir antisosialistisk.

Konservative rivalar

Valens uro i 1920 hadde bakgrunn i vedtaket til Norsk Landmandsforbund tidlegare på året om å organisere seg som politisk parti – ved sida av å arbeide som interesseorganisasjon for bøndene. I 1922 vart forbundet delt i to, Bondepartiet og Norges Bondelag, men partiet vart i den første tida halde tett inntil interesseorganisasjonen og leiinga der. Bondepartiet drog til seg venstreljarar, slik Valen hadde frykta, og det fridde både til mållaga og dei frilynde organisasjonane, men vart likevel i denne perioden aldri nokon kraftig utfordrar for Venstre. Partiet fekk si sterkaste oppslutning i Midt- og Aust-Telemark og i delar av Nedre Telemark, der også Bondelaget var sterkest, men hadde elles vanskar med å slå igjennom. Konkurransen med Venstre kom til syne i kampen om landbrukslaga. Dette var underavdelingar av Norges Vel, og Bondepartiet prøvde å dra dei til seg som eigne lokallag i eit nettverk utover bygdene. Dette lukkast ikkje i Telemark.³⁴ Venstre under forsete av Neri Valen stod i vegen. Han sat i representantskapet i Norges Vel, var formann i Telemark landbruksselskap og la vekt på å markere Venstre som bondeparti. I heimbygda til Valen melde Bø Landbrukslag seg raskt ut av Landmandsforbundet i 1920 og heldt fram som medlem i Telemark Landbruksselskap.³⁵ Bondepartiet mangla ein sterk partiorganisasjon og stod heilt utan presse i fylket. Det luta mest mot Høgre. Jens Hundseid, styrar ved Telemark landbruksskule, stilte på stortingslista til Høgre (og Frisinna Venstre) for Gjerpen i 1918, men etter partiskippinga i 1920 vart han Bondepartiets fremste mann. Frå 1924 sat han på Stortinget for Telemark – til han vart statsminister for bondepartiregjeringa i 1932. Då var partiet på nedtur, men samstundes hadde jordbrukskrisa som slo sterkt ut på denne tid, fått mange bondepartipolitikarar i fylket til å nyorientere seg mot Arbeidarpartiet.³⁶

Venstres tilbakegang i 1921 hadde også eit motstykke i Høgres framgang. Ved stortingsvalet dette året gjorde partiet sitt beste val i Telemark før andre verdskrig.³⁷ Bakgrunnen for framgangen må dels søkjast i faktorar som gav Venstre problem: språk- og fråhaldsspørsmålet, men hadde også samband med sterkare satsing på organisasjonsbygging. Kjerneområdet til partiet låg i dei nedre delane av fylket. Gjerpen, Sauherad og Holla utgjorde eit grenseområde vestover. I Holla vart det skipa eit høgreparti alt tidleg i 1890-åra. Det munna ut av ein paternalistisk kultur til liks med Høgre i Porsgrunn. På Ulefoss var det knytt til sagbruks- og jernverksindustriane. Ved valet i 1912 fekk Høgre ei oppslutning på nesten 30 prosent i Holla, men deretter datt partiet nesten heilt bort, og det vart ikkje gjenreist før tidleg i 1920-åra – då med støtte frå Cappelen.³⁸ På denne tid vart det, mellom anna etter initiativ frå Oslo-kontoret, starta ein organisasjonsoffensiv. Carl P. Wright som

Kart over Bondepartiets oppslutning ved stortingsvalet i 1930 viser at partiet stod sterkast i Aust- og Midt-Telemark – med Hjartdal i spissen.

Oppslutninga om Bondepartiet 1930


stilte ikkje liste i Notodden, Skien, Porsgrunn, Brevik eller Kragerø



tilhørde høgreliten i Porsgrunn, vart tilsett som fylkessekretær i fast stilling. Det vart mellom anna lagt vekt på å få fotfeste i Vest-Telemark, som så å seie var eit kvitt område for Høgre. Eit viktig resultat av satsinga var etableringa av ei stabil høgrepresse. Det fanst fleire små høgreviser tidleg i hundreåret, dei fleste i nedre delar av fylket.³⁹ Men dei økonomiske krisene i 1920-åra ramma hardt. Frå sentralt hald vart det organisert økonomiske redningsaksjonar. Dei munna ut i samling av grenlandsavisene i Skiensfjordens presse A/S i 1931. Avisene heldt fram med eigne tittelhovud, men hadde same innhald.⁴⁰

På denne tid sleit også partiet tungt i heile fylket og måtte tåle tilbakegang. Etter opphevinga av forbodet var alkoholpolitikken svekt som mobiliseringsfaktor, men tilbakegangen var mest eit resultat av dei svare partiet gav på dei økonomiske krisene: sparepolitikk, nedskjering og sanering av offentlege utgifter.⁴¹ Det var program utan folkeleg appell.

Oppslutninga om Høgre 1921 med Frisinnede Venstre



Høgre hadde svært ujamn oppslutning frå telemarkskommunane i mellomkrigsåra. Det fekk få veljarar frå Vest-Telemark, men hadde nokre styrkebastionar særleg i nedre og austlege delar av fylket. Her tente det også på fellesliste med Frisinna Venstre, som var eit haleheng til Høgre, men som gradvis vart marginalisert i 1920- og 1930-åra.

Kvinnenes inntog?

Ved stortingsvalet i 1930 skjedde det ei kraftfull borgarleg mobilisering, mot revolusjonsfare og avkristning om sosialistane kom til makta, som inntil vidare stoppa framgangen til arbeidarpatria. I Telemark var valet i første rekkje ein siger for Venstre. Det var særleg nye kvinneveljarar på borgarleg side som skapte framgangen. Kvinnene fekk avgrensa stemmerett ved kommuneval i 1901 og ved stortingsval i 1907, i 1910 vart dei jamstilte med mennene ved kommuneval og tre år seinare ved stortingsval. Særleg i byane var kvinnene tidleg ute og brukte stemmeretten sin. Ved kommunevalet i Notodden 1913 deltok heile 85,8 prosent av dei stemmekvalifiserte kvinnene, den høgste oppslutninga nokon gong i byen. Ved stortingsvala i 1915 og 1918 var valframmøtet til kvinnene i Porsgrunn og Skien godt over 70 prosent. I 1920-åra gjekk det tilbake. Først ved valet i 1930 var det på høgde med nivået under første verdskrig. I landkrinsane var valaktiviteten blant kvinnene lågare, men

Kvindenes Læseforening i Porsgrunn vart oppretta alt i 1898 og samla «byens damer» frå over- og middelklassen. Foreininga var ikkje berre ei leseforening, men tok også opp andre kulturelle og sosiale spørsmål. Bildet viser songkoret Bagatelle (1948) som kom i gang i 1935.

Foto: Utlånt av Kvindernes Læseforening



nettopp i 1930 skjedde det eit nokså stort hopp oppover. Då røysta nesten 80 prosent av telemarkskvinnene, ein vekst på om lag 18 prosentpoeng i høve til 1927-valet, mot om lag 6 prosentpoeng for mennene.⁴²

Elles spelte ikkje kvinnene noka sterk rolle i telemarkspolitikken før andre verdskrig (med unntak av pressa, sjå ramme). Dei var knapt synlege i kommunestyra og i bystyra. På landsbasis var kommunevalet i 1910 lenge eit rekordår når det galdt talet på kvinnelege representantar (44 i heradsstyra og 166 i bystyra). Rekorden vart først slått i 1930-åra. Telemarkskommunane nådde høgdepunktet før andre verdskrig med 24 representantar – av i alt 916.⁴³ Men i heradsstyra var kvinnene stort sett fråverande. Ved kommunevalet i 1910 vart ei kvinne vald inn i heradsstyret i Solum, og igjen i 1919. I 1934 vart dotter til Gunnar Knudsen, Margit Schjøtt, vald inn i Gjerpen kommune-styre,⁴⁴ men elles var heradsstyra i Telemark reine mannsforsamlingar heilt fram til 1937 då til saman åtte kvinner vart valde inn. Det var byane, Kragerø, Skien og Porsgrunn, som hadde den mest synlege kvinnegruppa. Men dei representerte i heile perioden eit lite mindretal – særleg sett i høve til den høge valprosenten i byvala. I perioden var det heller ingen kvinner som representerte Telemark på Stortinget.

Framfor stortingsvalet i 1921 vart det gjort freistnad på eit «kvinnekupp» på nominasjonsmøtet til Venstre i kjøpstadane i Telemark og Agder, som utgjorde ein valkrins etter den nye valordninga frå 1920. Mennene forlét då møtet, og det vart sett opp ei konkurrerande liste, «Det radikale Venstre», som slo ut Venstre-lista.⁴⁵

I organisasjonslivet var kvinnene noko meir til stades, som medlemmer sjølvsagt, men også i sentrale posisjonar. I Porsgrunn var Kvindernes Læseforening eit tidleg uttrykk for særskild organisering av kvinner,⁴⁶ og både i fråhaldsrørsla, i målørsla og i religiøse organisasjonar fekk kvinnene tidleg ei viktig stilling. Det galdt særleg fråhaldsrørsla som først av alle organisasjonar likestilte kvinnene med mennene. Når alkoholforbodet fekk ei slik sterk

oppslutning i fylket, var mobiliseringa av kvinnene ein viktig grunn.⁴⁷ Men i Langesundfjordens Indremisjonsselskap kunne dei ikkje sitje i leiande stillingar før etter 1972.⁴⁸ Av partia var Høgre påpasseleg med å ha kvinner med i dei øvste organa. Det galdt særleg Porsgrunn Høgre som hadde den sterkaste høgreforeininga i fylket. På Rjukan organiserte konservative kvinner «Høirekvinders klub» i 1930 i samarbeid med partiforeininga. 100 kvinner melde seg inn på det første møtet, og foreininga spelte ei aktiv rolle i valkampen i 1930.⁴⁹ I Arbeidarpartiet var egne kvinneforeiningar ein fast del av organisasjonsbygginga, og byane, men også mange heradskommunar, fekk egne arbeidarpartikvinnelag i tiåra fram til krigen. Venstre hadde alt på slutten av 1800-talet spelt ei sentral rolle i kvinnesaksrørsla. For Bondepartiet var bondekvinnelaga ein del av bonderørsla. Dei voks særleg fram i 1930-åra. Partiet fekk først eigen kvinneorganisasjon i 1950-åra.⁵⁰

Krisehjelp og nasjonalsosialisme

1933-valet var eit avvik i partiutviklinga i fylket. Ei ny partiliste, Nasjonal Samling og «Bygdefolket», fekk ei oppslutning på over 7 prosent, nesten på høgd med Bondepartiet. Bakgrunnen var krisene i landbruksnæringa, i skogsnæringa og i jordbruket, som slo ut med prisfall, høg akkumulert gjeld og stor arbeidsløyse. Fleire telemarkskommunar vart hardt ramma (sjå Kjeldstadli).

Ingrid Høyer. Foto: I privat eige

Berntine Ruud Hellesnes.
Foto: Frå boka *En avis blir til*,
redigert av Berner Hansen

I delar av mellomkrigsåra var det kvinneleg redaktør i tre telemarksaviser, alle i Kragerø. Dette er eineståande i norsk pressehistorie. Ingrid Høyer redigerte det konservative *Kragerø Blad* i byrjinga av 1920-åra før ho tok over *Kragerøposten* (Frisinna Venstre) i 1928; den gjekk inn 1932. Berntine Ruud Hellesnes tok over venstreavisa *Vestmar* då mannen hennar, som var redaktør, døydde i 1934. Etter 9. april 1940 skreiv ho ei rekkje skarpe artiklar mot naziststyret som gav henne fengselsstraff, 72 dagar på einecelle, og førte til at avisa vart stoppa hausten 1940.⁵¹





Frå aksjonane på småbruket Ekrune i Sauherad våren 1933. Gvarv Privatbank hadde kjøpt bruket på tvangsauksjon og forlangte at familien vart kasta ut. Då organiserte Bygdefolkets krisehjelp ein stor aksjon som gjorde at utkastinga vart utsett. Men kravet stod fast, og familien vart kasta ut ved hjelp av statspolitiet nokre veker seinare. Det hjelpte ikkje at bygdefolket aksjonerte på nytt, med støtte frå omkringliggjande bygder – til og med ei gruppe kommunistar frå Skiensfjorden.

Faksimile frå Bygdefolket

Eit svar var oppretting av Bygdefolkets krisehjelp som fekk Telemark, og særleg midttelemarksbygdene, som sentralområde. Krisehjelpa var i første rekkje ein debitororganisasjon som nokså einssidig var retta mot tiltak for å redusere gjeld og hindre tvangsauksjonar i jordbruket. Men som organisasjonsrørsle var ho eit mangfaldig fenomen, ho «vrid seg unna einssidig inngjerding», skriv Jostein Nerbøvik.⁵² Ho tok farge av nasjonale kulturverdiar som var dyrka av Venstre, men var samstundes antikapitalistisk og aktivistisk med appell til arbeidarrørsla. I Solum var laget knytt til Norges Kommunistiske Parti (NKP). Rørsla appellerte til ein folkeleg opprørstradisjon som eksisterte som myte og forteljing om telemarkskulturen. Det mest synlege uttrykket her var mobiliseringa mot tvangsauksjonane. Men ho var også merkt av anti-parlamentariske, antiindustrielle og tilbakeskodande haldningar.

Her låg eit utgangspunkt for å prøve nye vegar, og dette var bakgrunn for at organisasjonen gjekk i allianse med det nyskipa partiet Nasjonal Samling (NS) før valet i 1933. Men avtalen som fekk denne alliansen i stand, var driven fram av leiaren Olav Lien i ein hestehandel med Quisling for mellom anna å sikre organisasjonen økonomisk.⁵³ På førehand hadde Quisling bygd seg opp i heimfylket. På ettersommaren 1932 drog han på «signingsferd» til eit stort stemne i Bø der han «vart hylla som den reinaste folketrybunen».⁵⁴

Felleslista fekk ei oppslutning på 9 prosent i landkrinsane. I Kviteseid, Bø og Seljord røysta om lag ein fjerdedel av veljarane på lista, i Hjartdal nesten halvparten.⁵⁵ Men valsamarbeidet vart eit eingongstilfelle. Tiltak mot gjelda, mellom anna ved oppretting av ei lånekasse for jordbruket,⁵⁶ grov grunnlaget bort under Bygdefolkets krisehjelp, som «kvarv bort» i 1934–35 «i eit kaos av indre oppgjer og eksklusjonar»,⁵⁷ utløyst mellom anna av konflikhtar om samarbeidet med nazipartiet.

Ved neste stortingsval, i 1936, stilte NS liste åleine med Quisling på topp. Med eit lite unntak frå Bø, der partiet fekk det femte beste kommuneresultatet av alle kommunane i landet (8,5 prosent), var suksessen mager både i dei tidlegare «krisehjelpsbygdene» og i landkommunane elles. Styrken til partiet var på denne tid konsentrert til grenlandsområdet med Porsgrunn som sentrum. Byen fekk partiorganisasjon alt i mai 1933, som det første lokalaget i landet, og det vart bygt opp hausten 1933 då den etablerte politikaren Christen Knudsen, brorson til Gunnar Knudsen, melde overgang frå Høgre til NS – etter at han tapte stortingsnominasjonen mot Carl P. Wright. Han fekk med seg heile familien. Dei to barna hans, Harald og Randi Franklin Knudsen, var aktive i rekruttering av ungdom, både kvinner og menn. Det vart oppretta eiga hirdavdeling, som utgjorde hovudstammen av telehirden og ungdoms- og kvinneorganisasjonen i fylket. Ved kommunevalet i 1934 fekk partiet vel 6,9 prosent av stemmene og tre representantar i bystyret og vart med det eitt av dei sterkaste bypartia til NS i landet.⁵⁸ Seinare vart partiet svekt av indre strid. Ein kjerne under leiing av Knudsen tok partiet vidare og slo det



Quisling med frue på propagandatur i Telemark i 1936 med blant anne NS-medlemer frå Grenland.
Foto: Fotograf ukjent / Riksarkivet

saman med NS i Brevik og Langesund, der det framleis stod relativt sterkt.⁵⁹ I Langesund fekk partiet 11,7 prosent av stemmene i 1936, det nest beste kommuneresultatet i landet.

Nasjonalsosialismen vart aldri ei sterk politisk rørsle i Noreg, heller ikkje i Telemark. Men Telemark NS kunne likevel i 1936 skilte med det tredje beste fylkesresultatet i landet (3,1 prosent), likt med Oppland, men etter Oslo og Hedmark.

Industriarbeidarrørsla

Den dominerande tendensen i telemarkspolitikken fram til krigen var den sterke veksten i arbeidarrørsla (sjå Berntsen). Det var to mobiliseringsbølgjer bak denne framgangen. Den eine hadde utgangspunkt i det industrielle og urbaniserte Telemark, rundt byane Skien og Porsgrunn og bygdene Solum, Gjerpen og Eidanger, vidare til dei tre industrisamfunna i nord og nordaust: Ulefoss, Notodden og Rjukan. Den andre bølgja kom i bygdene, frå jord- og skogbruksbygdene i Aust- og Midt-Telemark, og til sist også i fjellbygdene i Vest-Telemark.

Lenge var Venstre hovudpartiet for arbeidarane. Det galdt Skien, der arbeidarrørsla vart seint etablert. På Ulefoss var Arbeidardemokratane lenge partiet til arbeidarane. Men i åra rundt første verdskrig fekk sosialistane gjennomslag både i skiensområdet og på Ulefoss. På Ulefoss vart det ein bitter arbeidskonflikt i 1917 då Cappelen sa opp 40 slipearbeidarar, ei skilsetjande hending.

Gjermund Grivi uttrykte ofte skepsis til vassdrags- og industriutbygginga fordi det gjekk utover bøndene. Då departementet i 1907 gav Norsk Hydro konsesjon til å byggje på Tinnosdammen to meter, kritiserte han denne avgjerda sterkt i Stortinget. Utbygginga kunne føre til store flaumskadar.

Illustrasjon: Fra *Vikingen*, 1908



Det vart bygt opp eit radikalt Arbeidarparti som vart kommunens største parti, medan Venstre og Arbeidardemokratane fall som steinar.⁶⁰ I Skien fekk sosialistane styrke ved tilsig av nye arbeidargrupper i samband med utbygginga av hamneanlegg på Menstad og, frå 1913, bygginga av Bratsbergbanen. Porsgrunn steig fram som ein moderne industriby frå slutten av 1800-talet. Etter byutvidinga i 1920 var industrien hovudnæring, ein tendens som vart styrkt ved etableringa av Norsk Hydro på Herøya i 1928.

På Notodden og Rjukan fekk Arbeidarpartiet eit tidleg gjennomslag. Heddal var ei sterk arbeidarpartikommune alt før Notodden fekk bystatus i 1913. I byen fekk partiet ei oppslutning på over 50 prosent ved alle stortingsval før andre verdskrig – med unntak av valet i 1930, og altså ulikt kommunevala fram til 1923. I Tinn hadde industrisenteret Rjukan eit omland med borgarleg politisk dominans, men i alle val frå og med 1915-valet mønstra Arbeidarpartiet rundt 50–60 prosent av veljarane.

Eit særtrekk ved arbeidarrørsla på Notodden og Rjukan var at ho vart etablert i ein kulturregion prega av verdiar knytte til den nasjonale Venstrerørsla. Det skapte skarpe motsetningar mellom industrisenter og omland. Dei slo sterkast ut i møtet mellom tilreisande rallarar og bygdefolket i anleggstida i Notodden og Tinn.

Det frilynde Vestfjorddalens ungdomslag sa nei til å sleppe anleggsarbeidarane inn i laget fordi det meinte det kunne skade bondeungdomen.⁶² Ung-

domslaget i Bø sa nei til ei innbyding frå kommunistungdomslaget i 1922 om å feire «kameratfest» saman.⁶³ Kulturelle motsetningar gjekk hand i hand med antiindustrielle stemningar, tydelege i Venstre. «Vi er bedre tjent med å grave i jorden end at drive industri», skreiv Gjermund Grivi – som målbar sterk motstand i bondesamfunnet mot kraft- og industriutbygginga.⁶⁴

Ein konflikt mellom arbeidar- og bondesamfunnet var skattepolitikken. Både formue og inntekter i jordbruket var fastsett etter skjøn, medan lønsmottakarane vart skattlagde etter utbetalt løn. Det kom påstandar om at bøndene velta skattebørene over på arbeidarane. I Lunde kritiserte Arbeidarpartiet bondepolitikarane for å skattleggje jernbanearbeidarane på Sørlandsbanen urimeleg hardt.⁶⁵ I Tinn, der bøndene hadde fleirtal i kommunestyret, vart dette eit ekstra stort konfliktspørsmål. Av dei fire sokna i kommunen var industrien og fleirtalet av befolkninga lokalisert til Rjukan, men dette soknet var heile tida underrepresentert i kommunestyret. Kommunen hadde venstreordførar heilt fram til krigen. O.J. Bryn, stasjonsmeister ved Rjukanbanen, sat i vervet samanhengande i 18 år.⁶⁶

Underrepresentasjonen til Arbeidarpartiet var bakgrunn for at det fleire gongar vart sett fram krav om å skilje ut Rjukan som eigen bykommune – slik det skjedde med Notodden. Men kravet vart stemt ned i kommunen. Også fylkeskommunen var negativ. Det same var Norsk Hydro som frykta ein arbeidarstyrt kommune. Motstanden gjorde at departementet la saka død i 1932.⁶⁷

Arbeidarrørsla som bygderørsla

Forholdet mellom bonderørsla og arbeidarrørsla nådde eit lågmål under bondepartiregjerings 1931–33. Måten regjeringa handla på under Menstad-konflikten, var ein grunn til det (sjå Berntsen). Matlappsystemet, rundskriv om å knipe inn på forsorgsstøtta (sjå Kjeldstadli) og lova av 1932 som gjorde folk som tok mot fattighjelp, «ugilde», dvs. at dei tapte retten til kommunale verv, var andre. Lova ramma særleg arbeidarrørsla og førte til fleire aksjonar. Både i Kragerø og på Notodden boikotta arbeidarpartigruppene møta i bystyret då lova vart innført.⁶⁸

Det nasjonale kriseforliket i 1935 der dei to kriseramma rørslene fann kvarandre, mildna dette motsetningsforholdet vesentleg. På denne tid var også arbeidarrørsla på veg til å bli den kraftigaste bygderørsla i fylket. Arbeidarpartiet erobra gradvis dei gamle arbeidarforeiningane, samstundes som det vart skipa nye sosialistiske foreiningar på bygdene. Organiseringa var sterkast først i dei nedste, midtre og austlege delane av fylket. Ved kommunevalet i 1913 fekk t.d. partiforeininga i Seljord valt inn 11 representantar – med Sigurd Telnes i spissen.⁶⁹ Under første verdskrig låg organisasjonsarbeidet nede i mange bygder, og i Komintern-debatten 1918–1923 skapte partikløyvingane problem. Det nyskipa NKP fekk ei viss oppslutning, i første rekkje i Solum og Gjerpen, der industriarbeidarar var ei stor gruppe. Men elles var det Arbeidar-


Telegram til politimeisteren i Notodden i 1908: Gjør finckan ren för bönder och lus. Nu kommer slusken. Årbödigt Elektriska-Pelle.⁶¹ («finckan»: arresten)



I 1909 var den 16 km lange jernbanen mellom Mæl og Saaheim fullført – etter langvarig strid med grunneigarane langs banen og andre som frykta for konsekvensane. «Det spøkjer stygt for den gamle grunden også her i Tinn no», skreiv læraren og bonden Halvor Gjøystdal. «Jernbanen sjoar oppover dalen og framandkulturen med den» (Kjeldstadli 1943:100.)

Foto: Norsk Hydros fotosamling / Norsk Industrierbeidermuseum

Oppslutninga om Arbeidarpartiet 1936



Oppslutning om Arbeidarpartiet ved stortingsvalet 1936. Som ein kunne vente, stod partiet sterkt i industrikommunane, men hadde i tillegg stor oppslutning frå bygdene i Vest-Telemark. Rauland der 65 prosent av veljarane støtta partiet, trona på toppen.

partiet som dominerte blant dei sosialistiske veljarane i telemarksbygdene, og i særleg grad etter partisamlinga i 1927. Ved alle val i 1930-åra var veksten i stemmetal størst i landkrinsane. Vest-Telemark kom med for fullt. Framgangen for partiet i denne regionen har samanheng med at Arbeidardemokratane (Radikale Folkeparti), som hadde stått relativt sterkt i mange av vesttelemarkkommunane, gradvis skrumpa inn. Arbeidardemokratane tente slik lenge som ei sperre mot den sosialistiske arbeidarrørsla, men brøytte på den andre sida veg for den. Utviklinga i Rauland kan vere døme. Her fekk Arbeidarpartiet eit brått gjennomslag ved valet i 1927 med over 50 prosent oppslutning. Tidlegare hadde nettopp Arbeidardemokratane gjort det godt her, men stilte dette året ikkje liste. Og framgangen i Rauland heldt fram.⁷⁰ I 1936 røysta over 65 prosent på Arbeidarpartiet, noko som gjorde Rauland til ein av dei fremste arbeidartikommunane i landet.

Kvifor røysta så mange i telemarksbygdene sosialistisk i denne perioden? Kulturelt og sosioøkonomisk likna bygdene her på Sørlandet og Vestlandet,

Gjermund Grivi til Olav Versto då dei møttest på Stortinget etter valet i 1927: «Du vil bli Venstres farlegaste mann i Telemark!»⁷⁵ Han hadde eit poeng. Versto var ein av dei fremste stemmesankarane for Arbeidarpartiet i Telemark, og særleg i bygder der Venstre hadde stått sterkt.

der arbeidarrørsla stod langt svakare. Dei øvre telemarksbygdene låg i det som er kalla «Fjell-og-fjord-Noreg» som omfatta også dei indre vestlandsbygdene og var hovudområdet til radikale Venstre.⁷¹ Den radikale venstretradisjonen og den egalitære sosiale strukturen gjorde det lettare å stige over til arbeidarrørsla, men det var i Telemark denne overgangen var størst. I Aust-Agder fekk Arbeidarpartiet god tilslutning i dei nedre distrikta, ikkje minst i kommunar der Sørlandsbanen vart bygt, og som då fekk ei stor arbeidarbefolkning, men partiet stod svakt i Setesdalen, grenseområdet til Vest-Telemark. Ein grunn kan vere at den radikale tradisjonen, med røter i bondevennrørsla, i Reine Venstre og i Arbeidardemokratane, var sterkast i Telemark.⁷² Men det var også eit anna trekk som prega mange bygdesamfunn i fylket: kombinasjonsbruket, småbønder som kombinerte gards- og lønsarbeid. I tillegg fanst det eit landarbeidarproletariat som i det meste levde av tilgjengeleg arbeid. For begge var skogen viktig. Denne sosiale strukturen forklarar kvifor det ikkje var så lett å skilje mellom arbeidar- og bonderørsla. I Telemark var heller ikkje konflikta i dei store brukseigarområda så kløyvande som i store delar av Austlandet elles. Eit unntak var Siljankonflikten mellom fløytarane og Treschow i 1926, men den enda med at fløytarane (men ikkje skogsarbeidarane) fekk avtale og forhandlingsrett.⁷³ Krisene som ramma skogs- og jordbruksbygdene gjorde også vegen over til sosialistane lettare.

Drangedal var ein av dei kommunane som vart hardast råka. Her vart det etablert ei rekkje små- og bureisingsbruk etter første verdskrig, og særleg tidleg i 1920-åra då Sørlandsbanen vart bygt gjennom Telemark.⁷⁴ Andre kommunar greidde seg betre. Men dei sosiale og økonomiske vanskaner i primærnaringane kom meir og meir til å prege den politiska dagsordenen i fylket. At industrien både i grenlandsområdet og seinare på Notodden og Rjukan vart ramma av krise, gjorde ikkje desse spørsmåla mindre viktige. Det er i denne situasjonen arbeidarrørsla fekk tak på bygdefolket. Det voks fram eit leiarsjikt i telemarkspartiet av småbrukarpolitikarar: Olav Versto, innvald på Stortinget i 1927 og mangårig medlem av heradsstyret i Vinje, Tor Lundtveit, ordførar i Drangedal, Nils Høljesen frå Hovin, ein av leiarane i Krisehjelpa og motstandar av felleslista med NS, og Sverre Liestøl, ordførar i Lunde. Liestøl var også formann i Telemark småbrukarlag, som batt seg tett til Arbeidarpartiet. Småbrukarlaga hadde ei relativ sterk stilling i dei midtre og øvre bygdene.

Arbeidarrørsla som kulturrørsle

«Jeg tror at viss vi ikke hadde hatt arbeiderungdomslaget her på Skotfoss i de harde, meget omtalte, trettiåra så hadde det blitt mange som hadde gått dukken.»⁷⁶ Anne Melfald voks opp i eit arbeidarmiljø på Skotfoss i mellomkrigsåra, ei tid med stor arbeidsløyse og konflikhtar. Ho viser korleis både arbeidarungdomslaget og arbeidaridrettslaget var sentrale institusjonar i



Skotfoss arbeideres idrettslag vart skipa våren 1929 som det første arbeidaridrettslaget i fylket. Dette bildet er teke då fotballaget vitja Rjukan – som hadde arbeidaridrettslag frå 1930.

ungdomsmiljøet. Det galdt ikkje minst for kvinnene som hadde eiga kvinnegruppe i idrettslaget, og som elles vart dregne aktivt med i arrangementa til ungdomslaget: festar med dans og lødig program, møte med foredrag og debatt om aktuelle emne og med handskrive blad der debatten ofte heldt fram. Laget arrangerte også sosialistisk kveldsskule saman med fagforeininga og var aktivt i valkampane – mellom anna med tramgjengar.⁷⁷

På ein måte var det likskap mellom Venstre-rørsla og arbeidarrørsla. Begge kvilte på eit stort organisasjonsmangfald. Skilnaden var at arbeidarorganisasjonane vart bygde opp innanfrå med ein stor grad av eigenkontroll over aktivitetane. Siktemålet var å skape ein politisk sosialistisk kultur fundert på «fellesskap, samkjensle, samvirke og samaksjon» og utført ved ulike former for opplysnings- og skoleringstiltak – og kulturtiltak.⁷⁸

Grensene mellom Venstre- og arbeidarkulturen vart fysisk dregne opp ved bygginga av Folkets Hus, som skilje til forsamlingshusa til den frilynde ungdomsrørsla. Både i Skien, Porsgrunn og på Rjukan kom dei første Folkets Hus alt før første verdsrig. Det først Folkets Hus i Telemark vart bygd på Gvarv i 1907 av den småbrukarprega Nes Arbeiderforening og vart brukt både til møte, festar og basarar. I mellomkrigstida vart det reist ei rekkje slike hus rundt om i bygdene. Drangedal Folkets Hus vart bygt av anleggsarbeidarar ved Sørlandsbanen i 1923. Det vart plassert i ei «dump» i Prestestranda fordi grunneigarane ikkje ville selje meir sentrale tomter.⁷⁹ På Rjukan stod arbeidarrørsla også bak bygginga av biblioteket som ikkje berre vart eit kultursentrum i kommunen, men som også vart eit senter for arbeidarlitteratur med internasjonalt ry.

Samlinga av revolusjonær litteratur er rekna som ei av dei tre største i verda, saman med statsbiblioteket i Moskva og kommunebiblioteket i Amsterdam.⁸⁰

Ei høgt prioritert oppgåve, både for indre opprusting og for å motverke den sterke stillinga *Varden* hadde, var å skaffe eigne aviser. Etter fleire mislukka prosjekt lukkast det å etablere *Telemark Arbeiderblad* i 1927 som eit fellesorgan for fylkesrørsla. Eit viktig talerør, ikkje berre på Rjukan, men for heile fylket, vart *Rjukan Arbeiderblad*, oppretta i 1923.⁸¹

Lokalpolitikken: statlege krav og eigne initiativ

Tida etter 1905 var ein ekspansjonsperiode for kommunal aktivitet – i Telemark som elles i landet. Aktivitetsnivået fekk særleg eit hopp oppover under første verdskrig og i etterkrigsboomen eit par år etter. Men mellomkrigskrisene som ramma ei rekkje kommunar i Telemark hardt, sette klare grenser for aktivitetsnivået, og det var først mot slutten av 30-åra at kommunane gjekk inn i ei ny veksttid.⁸²

Tida fram til første verdskrig var dominert av pålagde statlege oppgåver: utbygging av skule, samferdsle og helsevesen. Samstundes, under oppgangstidene og særleg under høgkonjunkturen frå 1915, stod kommunane økonomisk sett langt friare til å setje i gang eigne tiltak. Det var i denne perioden Drangedal kommune bygde kommunalt kraftverk og kjøpte tilbake eigedomar som hadde vore på utanbygds hender – alt med lånte pengar. Dette straffa seg då tilbakeslaget kom i 1920-åra. Konsekvensane synte eit mønster som var karakteristisk for fleire kommunar: høge gjeldsutgifter, minkande skatteinntekter og auka forsorgsutgifter. Drangedal vart, som einaste kommune i Telemark, sett under offentleg administrasjon. Det innebar at det lokale sjølvstyret vart oppheva. Formannskapet kunne drøfte og foreslå, men det var administrasjonsstyret, sett ned av Justisdepartementet, som hadde det endelege ordet.⁸³

Det var ikkje berre Drangedal som opplevde at handlingsrommet for kommunale tiltak skrumpa inn i 1920- og 1930-åra. I denne perioden var det eit gjennomgåande trekk i Telemark som elles i landet at den kommunale aktiviteten vart redusert til, stort sett, dei lovpålagde oppgåvene – og knapt nok det. Den kommunale gjeldskrisa gjorde at staten kom inn med støttetiltak, mellom anna gjennom Kommunalbanken som vart oppretta i 1927, og det vart sett i gang ulike former for gjeldstiltak. Ein del støtte gjekk til å hjelpe fram den kommunale el-forsyninga, men kraftutbygging saman med andre tiltak som ikkje var heimla i lov eller forordningar, kom meir i bakgrunnen.⁸⁴ Det var primæroppgåvene kommunane måtte konsentrere seg om.

Skulen stod i ei særstilling. Skulelovene av 1889 var utgangspunkt for ei storstilt skuleutbygging. Omgangsskulen vart avskipa, og nye skulestover vart reiste. Telemark som hadde ei spreidd befolkning fekk også ein spreidd-bygd skulestruktur. Rauland hadde 11 skulekrinsar i perioden fram til andre



Eksamensdag ved Dyrland skule, Dyrlandsdalen i Seljord. Læraren Jon O. Bekkhus står som nr. 2 frå venstre. Dyrland skule var i bruk frå 1895 til 1930.
Foto: Seljord Sogelag

verdskrig, kvar med sitt skulehus. Vinje hadde 15.⁸⁵ Men også i mindre og tettare folkesette kommunar var skulehusa spreidde. I Gjerpen vart folkeskulen bygd ut med 16 skulehus i perioden fram til 1915.⁸⁶ Like før krigen fanst det til saman 296 skulekrinsar i bygdene i fylket.⁸⁷

Den spreidde utbygginga betydde små skulestover. Det innebar også at det var mange fådelte skular. I 1938 var nesten 70 prosent av skulane i fylket udelte eller todelte⁸⁸ – ei utfordring for lærarane som måtte hanskast med fleire årsgrupper i same klassen. Etter landsskulelova var skuletida regulert. Regelen var 12 undervisningsveker i året i landsfolkeskulen, men med høve til å auke talet til 15, eller redusere det til 9.⁸⁹ Frå 1915 kunne krinsane heve det til 18 i storskulen og 16 i småskulen, og dette vart vedteke som fast ordning ved skulelova av 1936. Men dette var eit mål mange skular ikkje greidde å nå før 1940. I 1938 hadde godt over halvparten av storskuleelevane i fylket ei skuletid som låg under denne grensa.⁹⁰

Medan landsbygda hadde annankvar-dag-skule, gjekk byskulen kvar dag – frå måndag til laurdag. Veketalet kunne variere, men var langt større enn på landsbygda. Med bystatus frå 1913 kom Notodden inn under byskulelova, men måtte lenge før den tid byggje ut skular på grunn av sterk folkeauke. Elevtalet vart meir enn tredobla i perioden 1905–1913.⁹¹ Ei liknande utvikling skjedde på Rjukan. Her kom den store veksten på Saaheim, som vart oppretta som eigen skulekrins i 1910. Skulen vart sjudelt året etter og fekk delvis byskulestatus, med skule kvar dag, men med færre timar enn det som var vanleg i byane.⁹²

Høgre utdanning var i denne perioden først og fremst lagd til rette for byungdom. Skien gymnas har ei historie som går tilbake til Skiens lærde skole frå 1824.⁹³ Både Brevik, Langesund, Kragerø og Porsgrunn hadde middelskuleundervisning frå 1870-åra. I Kragerø og Porsgrunn vart middelskulane bygd ut med gymnasundervisning i 1930-åra.⁹⁴ Notodden fekk middelskule i 1913, utvida med gymnasklassar alt i 1921.⁹⁵ Den same utviklinga skjedde på Rjukan som fekk gymnas i 1923, bygd på den kommunale realskulen av 1916. Gymnaset fekk ikkje ordinært statstilskot før i 1943/44 og vart halde i gang ved kommunal og privat støtte og – frå 1931 – inntektsgradert foreldrebetaling. Det gav i praksis fri veg for alle som ynskte høgre utdanning, og skulen skilde seg ut ved at ein stor del av elevane kom frå arbeidarklassen.⁹⁶ I 1923 vart den fylkeskommunale Telemark språk- og realskule oppretta i Bø. Det var starten på Bø som skulebygd.⁹⁷ Det viktigaste vidaregåande skuleslaget for landsungdomen i denne perioden var likevel folkehøgskulane og dei kristne ungdomsskulane.⁹⁸ Som vi har sett, spelte folkehøgskulen i Seljord, seinare (1914) i Kviteseid, ei viktig rolle. Den kristelege ungdomsskulerørsla vart starta i Telemark då Asbjørn Knutsen etablerte den første skulen i sitt slag i Heddal i 1893 (til Notodden 1895). Den vart seinare (1914) flytta til Gvarv med namnet Sagavoll ungdomsskule.⁹⁹ Fylket fekk to andre kristelege ungdomsskular, Grenland ungdomsskule, oppretta i Porsgrunn i 1920, og Vest-



mar ungdomskule, som etter å ha vandra rundt i fleire kommunar vart fast stasjonert i Drangedal i 1915.¹⁰⁰ Asbjørn Knutsen var også den drivande krafta bak skipinga av det private, kristelegge lærarseminaret på Notodden i 1895. Det vart lagt ned i 1937 både som ei følgje av at lærarutdanninga i Noreg vart redusert av økonomiske grunnar, men også som eit resultat av at regjeringspartiet ville ta bort dei private livssynsskulane. Nedlegginga skjedde under sterke protestar frå telemarksrepresentantane, også dei frå Arbeidarpartiet. Vedtaket ramma «all den ungdom som kommer fra småkorsfolks hjem, som ikke har råd til å reise til Oslo eller Kristiansand», meinte Olav Vegheim.¹⁰¹ Som plaster på såret fekk Notodden Statens sløyd- og tegnelærerskole i 1938.

Partia og lokalpolitikken

Det var i perioden fram til 1940 at dei politiske partia for alvor trengde inn i lokalpolitikken. Eit steg i denne retning var overgangen frå fleirtals- til høvetalsval i kommunevala, som la til rette for partilister. Det skjedde først i byane, men bygdene kom raskt etter. Ved 1913-valet hadde 19 av dei 25 landkommunane i Telemark høvetalsval. I 1937 var det berre tre som heldt på den gamle ordninga.¹⁰²

Folkehøgskulen i Kviteseid hadde bakgrunn i folkehøgskulen i Seljord. Jakob Naadland overtok denne skulen etter Viggo Ullmann då han vart amtmann i 1902, men etter ein opprivande strid og økonomiske vanskar flytta han skulen til Utsond ved Sundkilen i 1914. Under krigen vart skulen rekvirert av nazistane og brukt som frontkjemparskule. I 1954 selde Naadland skulen til Norsk Luthersk Misjonsselskap, som først drev den som ungdomsskule, seinare som den første private kristne vidaregåande skulen.

Foto: Liestøl / Telemark Museum

Partias innverknad i lokalpolitikken skjedde gradvis og parallelt med at aktiviteten i kommunane vart større. I den første tida etter partiskippinga i 1880-åra var det liten skilnad på Høgre og Venstre. Konkurransen om arbeidarstemmene påverka Venstre til å leggje meir vekt på sosiale tiltak, men samstundes var det ei godt innarbeidd haldning at utgiftene måtte haldast nede.¹⁰³

Det var Arbeidarpartiet som først og sterkast av alle parti retta arbeidet sitt inn mot kommunane. I ei tid då statsmakt var eit fjernt mål, kunne «kommunesosialisme» vere ein alternativ veg til sosialisme.¹⁰⁴ Valprogrammet til partiet på Notodden i 1910 tok slik utgangspunkt i prinsippprogrammet til landspartiet. Det kravde utbygging av gratis fellesskule, «Sygepleien i beskatningen», kommunale pensjons- og arbeidsløyseordningar, innkjøp av jordeigedomar til fellesbruk eller utstyking til små- eller arbeidarbruk og ein rettferdig skattepolitikk.¹⁰⁵ Særleg i byane var arbeidarpartirepresentantane aktive reformpolitikkarar. Under første verdskrig var det konfliktar om utforminga av krise- og forsyningstiltak og protestar mot dyrtida, som hadde eit tilsvarende mønster.

I dei borgarlege partia er organisert partipolitisk arbeid i kommunane vanskelegare å få auge på. Med eit visst unntak for Venstre hadde alle svake partiorganisasjonar. Innsatsen toppa seg før vala. I mellomtida låg arbeidet stort sett nede, og representantane i kommunestyra hadde ein sjølvstendig posisjon. Mange vart valde på «upolitiske» bygdelister. Det var også motstand mot å politisere kommunepolitikken. «Skal me få politikk i heradstyret og no», utbraut ein heradsstyrerepresentant i Vinje då arbeidarpartigruppa tok plass i 1920.¹⁰⁶

Situasjonen endra seg noko i 1920-åra. Kommunekrisa skjerpa dei partipolitiske motsetningane i synet på kva for verkemiddel som måtte setjast inn, og aktiviserte til handling. I Høgre, som la nye krefter i bygging av fylkesorganisasjonen etter den nye valordninga i 1920, er Gjerpen døme på korleis partilaget laga retningslinjer for kommunestyregruppa – i 1926 og 1928. Dei gjekk på å skjere ned utgifter til naudsarbeid, skulemateriell og kommunal sjukehjelp til arbeidslause.¹⁰⁷ Men den største endringa skjedde i Arbeidarpartiet. I den radikale fasen tidleg i 1920-åra, då målet var ein ny samfunnsorden, kom kommunepolitikken meir i bakgrunnen. Ved overgangen til ein reformistisk strategi vart den oppvurdert. I særleg grad galdt det å møte nedskjerings- og sparepolitikken som dei borgarlege partia stort sett var samde om. I Drangedal vart ein meir pågåande politikk markert ved at Tor Lundtveit vart partileiar og ny ordførar i bygda i 1931.¹⁰⁸ Året etter oppretta fylkespartiet eit kommunalt utval som skulle samordne kommunestyregruppene i fylket.¹⁰⁹ Konkurransen om makt i kommunane vart på denne bakgrunnen større i 1930-åra. Det var Arbeidarpartiet som vann denne konkurransen. Det overtok plassen Venstre hadde hatt som det fremste ordførarpartiet i fylket. Etter kommunevalet i



1937 fekk partiet 12 av 25 ordførarar. Tor Lundtveit vart samrøystes vald til fylkesordførar og tok over dette vervet etter venstremannen O.J. Bryn, som hadde sete i ordførarstolen i Tinn sidan 1920.¹¹⁰

Overgrepa mot demokratiet (1940–1945)

Okkupasjonen endra på dramatisk vis dei politiske forholda i Norge. Det skjedde alt 9. april då Quisling, med god hjelp frå NS i Telemark, utropte si eiga «nasjonale regjering» i NRK (sjå Fure). Men Quislings statskupp 9. april vart eit kortvarig eventyr. Han vart stoppa av okkupasjonsmakta. I staden kom dei pinefulle forhandlingane om å skipe eit «riksråd» som vart slått over ende då rikskommissar Terboven den 25. september proklamerte ei gjennomgripande nyordning: ei ny riksregjering under hans leiing, avsetjing av kongehuset, nedlegging av Stortinget og forbod mot alle politiske parti med unntak av NS.

Nyordninga gav NS fullmakter til ei storstilt nazifisering av det norske samfunnet. Hausten 1940 utarbeidde det nye Innanriksdepartementet ei rekkje forordningar som la den politiske og administrative leiinga av fylke og kommunar inn under departementet, med rett til oppnemning og avsetjing og til å utforme instruksar om korleis arbeidet skulle utførast. I desember vart førarprinsippet innført. Ordførarar og fylkesmenn hadde avgjerdsrett. I herads- og bystyra skulle det sitje ei gruppe «formenn» oppnemnde av fylkesmannen i samråd med fylkesføraren i NS. Dei hadde uttalerett, men ikkje stemmerett. Fylkesutvalet vart skifta ut med ei rådgjevande forsamling, og

Tor Lundtveit (1887–1959) (nr. 3 frå venstre) var ein av dei leiande fylkespolitikarane til Ap i mellomkrigsåra. Han var stortingsrepresentant 1922–24 og møtte seinare som suppleant. Men den største innsatsen gjorde han i kommune- og fylkespolitikken. Han var kommunerepresentant i Drangedal i 22 år før han vart ordførar i 1932, i ei vanskeleg tid for kommunen, og han hadde dette vervet til etter krigen. Han deltok aktivt i motstandsarbeidet under krigen. Like før jul i 1944 måtte han gå i dekning og levde til skogs fram til frigjeringsa. Bildet er frå mobiliseringa av heimefronten i maidagane 1945.

Foto: Drangedal Historielag



Teksten til bildet i NTBs krigsarkiv: «Overalt i Norge kan man finne V-tegn, H7-tegn eller Leve Kongen. De finnes på alle plasser, så det er ikke vanskelig å skjønne hvor nordmennesenes hjerter er».

Foto: NTBs krigsarkiv / Riksarkivet

fylkestinget vart fråteke all makt.¹¹¹ Makta flaut ovanfrå og nedover utan noka form for demokratisk kontroll. Det var NS som hadde regien – med okkupasjonsmakta i ryggen.

Telemark vart tidleg utsett for nazifiseringspolitikken. NS hadde gjennom familien Christen Knudsen gode kontaktar med partileiinga i Oslo, og alt i oktober 1940 vart fylkesmann Kornelius Bergsvik avsett og erstatta av Knudsen. Utsiftinga av dei andre fylkesmennene skjedde først året etter, nokre først på nyåret i 1942.¹¹² Også ved oppnemning av nye ordførarar og av «formenn» skilde Telemark seg noko ut. Overalt i landet var det vanskeleg å finne tilstrekkeleg mange og nokolunde brukbare partifolk til dei kommunale verva. I Telemark lukkast det relativt bra. Av totalt 32 ordførarar var det alt våren 1941 på plass 25 med NS-medlemskap. Berre i seks andre fylke, alle på Austlandet, var NS-ordførarane i fleirtal. På landsbasis talde dei om lag ein tredjedel. Særleg var det vanskeleg å finne NS-folk i agder- og vestlandsfylka.¹¹³ Bakgrunnen for utviklinga i Telemark var nok dels det aktive rekrutteringsarbeidet til fylkespartiet, med Knudsen og fylkesfører Olav Dalen i hovudrollene. Men partiet hadde også frå før relativt sett eit sterkt fotfeste i fylket, og det rekrutterte nye medlemmer – særleg dei første krigsåra då den tyske krigsmakta segla i medvind. I Telemark vart til saman i underkant av 2800 innskrivne som medlemmer. Vel 700 kom frå Skien og Porsgrunn, elles var partiet bra representert både i Aust- og Vest-Telemark.¹¹⁴

Å nazifisere heile kommune- og fylkesadministrasjonen var ei vanskelegare oppgåve. For å få NS-folk inn som «formenn» i heradstinget og i nemnder, råd og utval, slik målsettinga var, måtte ein støvsuge partiet og ofte «innføre» folk utanfrå.¹¹⁵ Dei få erklærte nazistane som fanst, vart overleste med verv. Når nazistar gjekk inn, måtte gamle tenestemenn ut. Det vart også sett eit sterkt press på tenestemenn for å støtte nyordninga og helst melde seg inn i partiet.

Nazifiseringa av kommune- og fylkespolitikken markerte brot med fortida først og fremst ved avskaffinga av demokratiske institusjonar og innføring av førarprinsippet. «Heil og sæl-helsing» vart innført ved offentlege arbeidsplassar, sjølv om nok ikkje alle kommunar tok det like alvorleg. Fylkestinget sende alltid ved opninga helsing til Quisling. Fleire stadar vart det sett i gang tyskundervisning for kommunale funksjonærar, og mange kommunar løyvde pengestøtte til frontkjemparane (Den norske legion). I nokre kommunar var konflikhtar i NS med på å forstyrre det politiske arbeidet. I Porsgrunn gjennomførte den nyoppnemnde rådmannen hausten 1941 brutale utreinkingar av tenestemenn i kommunen med fullmakt frå Innanriksdepartementet – som også gav høve til «å treffe en hver disposisjon som han måtte finne nødvendig» i alle dei ti kommunane i Nedre Telemark.¹¹⁶ Aksjonane skapte sterke motsetningar og vanskelege samarbeidsforhold i nazipartiet i Porsgrunn, og det lamma mykje av arbeidet i kommunen.¹¹⁷ På Ulefoss braut



Quisling i Skien 3. mars 1943, der han inspiserer ein norsk tropp som truleg var på veg til austfronten.

Foto: Fotograf ukjent / Riksarkivet

det ut strid i partiet om ordføraren, Jonas Vale, som varte i fleire år. Det enda med at han vart fjerna i 1943.¹¹⁸

Men jamt over gleid både kommune- og fylkespolitikken i same spor som tidlegare. Heradstinget i kommunen gjorde ikkje «noko så heilt onnorleis enn eit vanleg valgt heradstyre ville ha gjort, slik tida var då», skriv Torkjell Solheim om Nissedal.¹¹⁹ NS hadde etter måten stor oppslutning i Nissedal og kunne plassere sine folk i dei viktigaste posisjonane, men dette skapte tydelegvis ikkje store endringar.¹²⁰ Dette var vanleg også i andre kommunar. Kontinuiteten vart elles halden ved like ved at ein stor del av dei gamle tenestemennene vart ståande i stillingane – utan å gå inn i NS. Forsyningssituasjonen som ramma byane mest, la grunnlag for eit omfattande reguleringssystem som særleg var retta mot matproduksjonen. Men i dette reguleringssystemet, som ofte var leidd av NS-folk, var det ikkje uvanleg å sjå gjennom fingrane på feilopplysningar og svartebørsverksemd. Telemarkskommunane fekk høgre skatteinntekter og jamt over romslegare økonomi. Men det skorta på nyinvesteringar og satsing på nye oppgåver, og infrastrukturen i kommunane vart nedsliten. Den «nye tid», som regimet stadig snakka om, fekk lite å syne til. Ein partiplan om å slå saman Porsgrunn med Skien og landkommunane i Nedre Telemark kom aldri lenger enn til utgreiingsstadiet.¹²¹

Utspela frå Terboven hausten 1940 lamma alt partipolitisk arbeid – utanom NS. Avisene vart anten stoppa, slik som *TelemarkArbeiderblad*, *RjukanArbeiderblad*, *Vestmar* og *Teledølen*, eller lagde under nazistisk kontroll, som *Varden*. Dei tre

Neri Valen med familien rundt seg på 50-årsdagen 26. september 1943. Bildet er teke like før Valen vart arrestert og send til Grini fangeleir.

Foto: Fotograf ukjent / Telemark Museum



første måtte slutte alt i 1940, medan *Teledølen* fekk endeleg stopppordre våren 1943 etter mange åtvaringar frå pressesjefen for NS i Telemark, den gamle leiaren for Krisehjelpa, Olav Lien.¹²²

Dei frivillige organisasjonane vart også gradvis lagde under nazistisk kontroll. Det ramma først idrettsrørsla (sjå Olstad). Oppløysinga av partia gjorde den frilynde ungdomsrørsla, som elles hadde ei sterk stilling i Telemark, til eit nasjonalt samlingspunkt. Noregs Ungdomslag fekk ein sterk vekst i medlemstalet – til vel 60 000 ved årsskiftet 1941–42. Men i februar 1942 vart organisasjonen i lag med Noregs Mållag lagd under nazistisk kontroll. Det gjorde, som for idretten, at lagsarbeidet gjekk i oppløysing. Det skjedde raskt, som i Bø der styret i ungdomslaget la ned alt arbeid, eller meir gradvis som i Ulefoss, der ungdomslaget «Vaar» prøvde å halde det gåande på sjølvstendig basis til utgangen av 1942 då lensmannen sette som vilkår at laget underordna seg den nye nasjonale leiinga.¹²³

I boka om arbeidarrørsla i Telemark skriv Berner Hansen: «Under jorden levde bevegelsen vidare, og kontakten ble holdt, slik at den stod klar til å ta opp igjen arbeidet.»¹²⁴ Kva kontaktar dette kunne vere, finst det ikkje mange opplysningar om. Arbeidarpartiet førebudde gjenreising av partiapparatet både i fangeleiren på Grini og i eksil i Sverige, men arbeidet med å gjenreise fylkespartiet skjedde først etter 8. mai 1945. Det galdt også dei borgarlege partia. NKP heldt, som einaste parti, oppe partiapparatet sitt. Det gjekk som parti inn i motstandsarbeidet, her i Telemark først etter det tyske åtaket på Sovjet, og i den første tida avskore frå motstandsarbeidet elles i fylket. Frå hausten 1944 kom det i stand eit samarbeid mellom den kommunistiske og den tverrpolitiske heimefronten (sjå Fure).¹²⁵

Hans Fredrik Dahl skriv at den politiske eliten i Norge «trakk seg tilbake i passivitet» under okkupasjonen, at «norsk politikk på en merkelig måte syntes irrelevant for norsk motstandskamp». ¹²⁶ Korleis var dette i Telemark? Av dei sentrale politikarane frå mellomkrigstida fekk to landssvikdom. Det galdt Jens Hundseid, som hadde representert Telemark Bondeparti 1924–36 og, etter valet i 1936, Buskerud. ¹²⁷ Den andre var Olav Steinnes, aktiv skulemann og arbeidarpolitikar på Rjukan 1912–35, stortingsrepresentant 1922–1936, og kyrkje- og undervisningsminister i regjeringa Hornsrud i 1928. Under krigen slutta han seg til Lærarsambandet og NS. ¹²⁸ På den andre sida vart fleire dregne inn i aktivt motstandsarbeid. Det galdt Carl P. Wright som representerte Høgre på Stortinget etter valet i 1936, og Sverre Løberg som var stortingsmann for Arbeidarpartiet i seks periodar etter krigen. Av stortingsrepresentantane til Arbeidarpartiet var Aslak Nilsen ¹²⁹ under heile okkupasjonen sentralt plassert i det illegale faglege utvalet i Telemark og sat i heimefrontleiinga i fylket. I Drangedal gjekk Tor Lundtveit inn i Milorg. Olav Versto deltok i organiseringa av motstandsarbeid vinteren 1940/41 i Vinje og formidla mellom anna kontakt mellom motstandsarbeid i Oslo og Bø – der også Neri Valen var med. Valen vart arrestert i 1943 og sett på Grini, året etter på Berg, der han sat til fredsslutninga. ¹³⁰ Olav Versto var, saman med sonen Aslak, med på å byggje opp Milorg-grupper, og han var med på å organisere flukt til Sverige for dei som måtte gå i dekning. I 1945 vart han peika ut som medlem i «Det illegale Fylkesutval» som planla overgangen til sivilt styre. ¹³¹

For telemarkspolitikarane er påstanden til Dahl dermed berre delvis rett.

Frigjeringsdagen 8. mai 1945 fann Bø-folk fram det norske flagget og improviserte tog gjennom bygda. Mannen med hatt er lærar Olav Fundli. Guten er den åtteårige Birger Sande. Foto: Halvor Skobba / Telemark Museum



SOSIALDEMOKRATIETS GLANSTID

På det siste møtet i det nazifiserte fylkestinget i Skien 2. mai 1945 vart det avduka eit bilde av Christen Knudsen, «det fyrste bilætelege prov for at nasjonalsosialismen er innført i administrasjonen i fylket». ¹³² Bildet fekk ikkje henge lenge. Det forsvann då Kornelius Bergsvik vart sett inn att som fylkesmann like etter den tyske kapitulasjonen. Reetableringa av dei politiske institusjonane og den sivile og offentlege administrasjonen, i Telemark som elles i landet, skjedde i nær samanheng med systemet slik det var før okkupasjonsstyret braut det ned. Men det kom også nye trekk til som gjer at vi kan markere 1945 som eit skilje i den politiske historia. Det gjeld rammevilkåra for politisk arbeid som på fleire måtar tok farge av dei fem krigsåra. Ved vala om hausten 1945 skjedde det ei stor personutskifting av politikarane og ei endring i det partipolitiske mønsteret – som ikkje minst var tydeleg i Telemark. NKP fekk ei sterk stilling i fylket. Dei borgarlege partia gjekk tilbake og vart meir splitta av Kristeleg Folkeparti (KrF), som for første gong stilte liste i Telemark. Det innebar ei ny svekking av Venstre. Men det som på sikt vart det dominerande trekket ved den politiske kulturen i Telemark, var styrken til Arbeidarpartiet. Perioden fram mot 1972–1973, då EF-spørsmålet skipla forholdet mellom partia, var sosialdemokratiets glansperiode. Arbeidarpartiet i Telemark var i denne perioden eit av dei sterkaste i heile landet og mønstra det meste av denne tida over 50 prosent av veljarane.

Fellesskap og konflikt

Eit trekk ved den politiske kulturen etter 1945 sprang ut av gjenreisingsideologien. Denne ideologien kom sterkast til uttrykk i Fellesprogrammet, eit program alle parti slutta seg til i 1945. Den generelle budskapet var at liksom nordmennene under krigen opplevde «at vi var *ett* folk», burde dei no stå saman for å gjenreise landet. ¹³³

Fellesskapsideologien drog næring frå utskiljinga av dei som fekk landsvikstempel eller synte svak nasjonal haldning. Alt 10. mai vart fleire hundre NS-medlemer arresterte i Telemark. *Varden* trykte namna på alle. ¹³⁴ Til saman etterforska Telemark politikammer nærare 1500 landssviksaker. Dei fekk stemmeretten suspendert ved vala i 1945

På den andre sida gav motstandsarbeid høg prestisje. Det kom til uttrykk ved nominasjonane på partilistene. I Høgre tok Carl P. Wright ein sjølvsgd førsteplass på bylista. I Arbeidarpartiet galdt det same for Sverre Løberg og, for landkrinsane, Olav Versto – sjølv om den siste møtte motstand i partiet (sjå Berntsen). I Venstre var det diskusjon om Neri Valen. Mange ville skuve han til side fordi han sat i presidentskapet under riksrådsforhandlingane sommaren 1940 der han mellom anna var med på å be kongen om å abdisere. I 1945 vart desse forhandlingane av mange sett på som døme på nasjonal veikskap: «Viss Venstre seiler fram med Neri Valen, så kan ingen høre hjemme der.» ¹³⁵



Men i Telemark stod han sterkt. Trass i press for å stille på nytt sa han likevel nei til nominasjon i 1945.¹³⁶ I KrF vart Olav Svalastog, aktiv i motstandsarbeid i Treungen, vald inn frå landkrinsane. NKPs suksess med oppslutning på 15 prosent i stortingsvalet i fylket hadde også ein klar samanheng med motstandsarbeidet partiet dreiv under krigen. Det partiet som sleit mest i denne samanhengen, var Bondepartiet. I slutten av juni sende Halvor Bunkholt ei oppmoding til dei tidlegare bygdestyra om å setje partiet på beina. 11. august heldt det representantskapsmøte der Bunkholt vart vald til formann.¹³⁷ Møtet foreslo å lage fellesliste med Høgre og Venstre, eit forslag som vart avvist. Elles heldt Bondepartiet ein låg profil den første tida.

Felleskaps- og gjenreisingsideologien skapte føresetnader for eit dempa konfliktnivå i norsk politikk dei første åra. Det påverka også telemarkspolitikken, men hindra ikkje at det til tider dukka opp skarpe motsetningar. Eit stridsspørsmål var forholdet mellom Arbeidarpartiet og NKP. Ein plan sommaren 1945 om å slå dei to partia saman enda i bitre konflikhtar. Eit anna

Helsingsseremonien under avdukinga av fridomsmonumentet i Porsgrunn i 1950. Motstandsmannen under krigen og stortingsrepresentanten (H) Carl P. Wright står bak kronprins Olav. Wright stod, saman med Sverre Løberg, sentralt i organiseringa av Skiensgruppa våren 1940. Dei vart begge arresterte same hausten. Wright greidde å flykte, og deltok i alliert krigføring til frigjeringsa.

Foto: Asbjørn Korsåsen / Porsgrunn kommune

Olav (1892–1977) og Aslak (1924–1992) Versto, far og son, var to av dei mest sentrale arbeidarpartipolitikarane i Telemark på 1900-talet. Dei representerte i ei årrekke fylket på Stortinget, Olav frå 1921 til 1961, Aslak frå 1966 til 1977. Begge deltok aktivt i motstandsarbeidet under krigen, og begge plasserte seg på venstresida av partiet. Olav var Nato-motstandar og i opposisjon mot opprustingspolitikken i 1950-åra. Forsøk frå partileiinga like etter krigen på å fjerne han mislukkast (sjå Berntsen). Aslak var med på å fronte arbeidet mot Fellesmarknaden. Han vart leiar av fylkesavdelinga til Nei til EF i 1992, etter Jon Bjørnebekk, og sat i vervet til han døydde hausten 1992.

Foto: Sverre A. Børretzen / Aktuell / NTB Scanpix



spørsmål som i stadig sterkare grad skilde dei to partia, var utanriks- og tryggingspolitikken. Her var forholda i Telemark spesielle. To av dei mest profilerte stortingsrepresentantane for Arbeidarpartiet i fylket, Sverre Løberg og Olav Versto, var Nato-motstandarar og stod i opposisjon til partilina. Konflikten på Herøya hausten 1948, «Gjenreisningstidens største arbeidskonflikt», arta seg som eit opprør mot både partiet, regjeringa og LO-leiinga (sjå Berntsen).¹³⁸

Alt tidlegare braut det ut eit opprør i jordbruket der bønder protesterte mot låge prisar. Protestane breidde seg over heile landet, men bøndene i Telemark spelte frå starten av ei sentral rolle – med eigen aksjonskomité og vedtak sommaren 1946 om åtte dagars mjølkeproduksjonsstreik. Faren for spreing til grupper i jordbruket som stod nær Arbeidarpartiet, og til andre næringar gjorde at styresmaktene gav noko etter, mellom anna etter at fylkesmann Bergsvik hadde fått i stand eit møte med regjeringa hausten 1946.¹³⁹ Det stogga ikkje all uro i næringa. Men fram til 1950, då Hovudavtalen for jordbruket vart oppretta, vart den gradvis bunden i eit avtalesystem som gjorde det vanskelegare å setje i gang spontane aksjonar.

Både aksjonsrørsla, Herøya-streiken og opposisjonen mot Nato-politikken kan tyde på at Telemark ikkje så lett kunne innpassast i fellesskaps- og samarbeidsideologien som arbeidarpartistyret bygde på i gjenreisingsperioden. Då kom det også fleire utspel om ein meir radikal kurs. I 1948 sende Skien Arbeidersamfunn eit forslag til fylkespartiet om å krevje tiltak som i sterkare grad enn hittil styrte «mot en sosialistisk samfunnsordning». Samtidig kom

det forslag frå Porsgrunn Arbeiderparti om å ta opp spørsmålet om å nasjonalisere «landets viktigste næringer». ¹⁴⁰ NKP stod også lenge sterkt (sjå Berntsen). Men tendensen over tid gjekk i retning av ei samling og aukande oppslutning om Arbeidarpartiet.

Arbeidarpartiets hegemoni

Arbeidarpartiet konsoliderte stillinga si ved valet i 1949 og hadde framgang i heile 1950-åra, med 1957-valet som høgdepunkt då nesten 56 % av veljarane i fylket stemte på partiet. Berre finnmarkspartiet hadde ein større prosentdel. Ved det neste valet, i 1961, då det fekk konkurranse frå Sosialistisk Folkeparti, kom ein liten tilbakegang som heldt fram då dei borgarlege partia mobiliserte i 1965. Men i 1969, det siste valet før EF-medlemskap vart eit stridstema, stemte godt over halvparten av telemarksveljarane på partiet. Arbeidarpartiet var framleis ordførarpartiet og hadde leiinga i fylkestinget.

Suksessen i Telemark var i pakt med ein landstendens. Partihistorikaren Trond Bergh legg vekt på tre faktorar for å forklare den: «organisasjonstesen», den evna partiet hadde til å byggje opp ein effektiv organisasjon for å mobilisere veljarar, styrking av «grunnfjellet», den sterke veksten i industriarbeidarklassen i perioden, og at det slo igjennom som ungdomens parti. ¹⁴¹ Dette er faktorar som også var viktige i Telemark. Det vart lagt ned mykje arbeid for å byggje opp organisasjonen, styrke samarbeidet med fagrørsla, mellom fylkespartiet og kommunepartia og med gruppene i kommune- og




Frå den åtte dagars mjølkestreiken i Telemark 1946. Frå v.: Anund Kleivrud, leiar i Telemark Bondelag, redaktør Olav Vegheim, Johs Rød, leiar av aksjonsrørsla, og Olav Luraas, leiar av Småbrukarlaget i Telemark. Foto: Aftenposten / NTB Scanpix

fylkesstyre. Den viktigaste var likevel «grunnfjellet». Tida fram til 1960-åra var ein glansperiode for industrien i Telemark. Det sikra solid støtte for partiet i industrisentera, i skiensfjordområdet, Notodden og Tinn. Flukt frå landsbygda etter 1945 og vekst i bybefolkninga styrkte byinteressene i partiet. Det same gjorde den nye valordninga frå 1953 som fjerna «bondeparagrafen» og gjorde fylka til éin valkrins.¹⁴² Det oppstod uro i partiet over forholdet til bygdeveljarane. Småbrukarlaget miste oppslutning, og det tette samarbeidet organisasjonen hadde til Arbeidarpartiet, kom under press.¹⁴³ Eit sårt punkt var nedlegginga av Frogner småbruksskole i 1964. Det skjedde i ein prosess der ikkje berre småbruksskulane vart nedlagde over heile landet, men også flaggskipet, småbrukslærarskolen på Sem (Asker).¹⁴⁴ Partiet heldt seg likevel overraskande godt også i bygdene i denne perioden. Det karakteristiske trekket er stabiliteten i oppslutninga frå 1949- til 1969-valet.

Industriveksten i fylket saug opp mange av dei som «flykta» frå primærnæringane i bygdene, og gjorde slutt på den store ungdomsarbeidsløysa frå 1930-åra. Ungdomen søkte til partiet som veljarar. Ungdomsorganisasjonen, AUF, hadde derimot vanskar i perioden. 1950-åra var ei nedgangstid for det organiserte ungdomsarbeidet i rørsla, og Telemark AUF var ein av dei svakaste fylkesorganisasjonane i partiet.¹⁴⁵ Det endra seg noko i 1960-åra. Men dette var eit tiår då konkurransen om den politiske sjela til ungdomen på venstresida hardna til, og på slutten av tiåret kom AUF også i aukande motsetnings-tilhøve til moderpartiet.

Dei frilynde ungdomslaga var i fleire år etter andre verdskrig framleis store folkerørsler i Telemark. Men trådane til Venstre, som tapte oppslutning etter 1945, vart svakare. Bildet er frå landsstemnet til Noregs Ungdomslag i Bø 1947 – her samla i Haugerudbakkane.

Foto: Øivind Eliassen /
Telemark Museum



Oppslutninga om KrF 1957



KrF stilte til val i Telemark først etter krigen, og fylket var lenge både ein av dei sterkaste regionane til partiet og det nest største ikkje-sosialistiske partiet. Valkartet frå 1957 syner ei jamn oppslutning frå heile fylket, men med nokre tyngdepunkt både i øvre, midtre og nedre delar.


Svekt borgarleg front

Medan Arbeidarpartiet bygde opp ei sterk stilling i etterkrigstida, hadde dei borgarlege partia det langt vanskelegare. Ein grunn var større kløyving på ikkje-sosialistisk side som følgje av KrF. Partiet fekk rundt ein tidel av stemmene i fylket ved stortingsvala fram til 1960-åra då tilslutninga auka, i 1965 til vel 15 prosent som gjorde det til det største ikkje-sosialistiske partiet. Det sterkaste området var dei nedre bygdene, frå Siljan i aust til Sannidal/Drangedal i vest. I 1945 fekk partiet ei oppslutning på nesten 30 prosent både i Siljan og Sannidal. Det fekk også ei relativ sterk stilling i Midt- og Vest-Telemark, i den gamle sterke Venstre-regionen. Partiet mangla presse, men var knytt til kristne organisasjonar, mellom anna til indremisjonen, som stod sterkt i delar av fylket – ikkje minst i dei nedre.¹⁴⁶ Det hadde også støtte frå fråhaldsrørsla, som framleis hadde god oppslutning i Telemark – sjølv om den var på hell.¹⁴⁷ Partiet skar seg på denne måten inn i den organisasjonsrørsla Venstre hadde kvilt på.

Varden varsla overgangen til høgareavis i 1954 i ein kort redaksjonell artikkel på side to. Ved overeinskomsten i 1954 overtok Varden Fylkesavisen, endra formålparagraf (mål: styrke den borgarlege fronten) og forplikta seg til å tilsetje redaktør i samråd med Høgres Pressekontor. Faksimile fra Varden



Det var også i første rekke Venstre som vart ramma av det nye partiet. Framgangen til KrF dei første etterkrigsvala svara i store trekk til det Venstre tapte jamført med førkrigsvala. Venstre fekk også større konkurranse frå Høgre og Bondepartiet, som styrkte stillinga si noko i 1950- og 1960-åra. Sjølv om Venstre enno lenge hadde relativ sterk oppslutning, særleg i grenlandsbyane og i bygder i Midt- og Vest-Telemark, tapte det definitivt plassen som ei førande politisk kraft i Telemark. Eit nederlag var det då Varden i 1954 gjekk over til å bli høgareavis. Bakgrunnen var misnøye som fanst i mange delar av Venstre som også omfatta redaktøren, Roald Kristoffersen, over den positive haldninga stortingspartiet tok til planøkonomien til regjeringa, særleg i debatten om prislov i 1952–53. Varden var Telemarks største avis og utbreidd



Halvor Bunkholt (1903–1978), her i streken til VG-teiknaren Pedro. Bunkholt var bonde og lensmann i Sauherad 1931–1972, med unntak av okkupasjonsåra då han vart avsett fordi han nekta å melde seg inn i NS. Han sat i kommunestyret i Sauherad i 35 år, var leiar for Telemark Bondeparti 1945–57 og sat to periodar på Stortinget, 1950–53 og 1958–61, begge gongar vald inn på felleliste med Høgre. Illustrasjon: Pedro, VG

ikkje minst i bygdene, og partiet miste med dette eit viktig talerør.¹⁴⁸ No må ikkje verknaden av dette overdrivast. KrF, som mangla partipresse i Telemark, fekk oppslutning på høgde med Venstre.

Overgangen til konservativ avis kan også ha samanheng med at John Lyng, som flytta til Skien i 1951 som lagmann i Agder (som også omfatta Telemark), kom til å prege det politiske miljøet i byen både i og utanfor Høgre.¹⁴⁹ Ved valet i 1953 vart han løfta fram som førstemann på den nye fylkeslista for Høgre, til fortrenghet for den meir konservative Carl P. Wright, som hadde representert bykrinsane på Stortinget sidan 1937. Det skapte strid og var heller ingen suksess for partiet, som miste det mandatet det hadde hatt.¹⁵⁰ Ved dei neste vala i 1950- og 1960-åra gjekk partiet noko fram, men telemarkspartiet var heile perioden mellom dei absolutt svakaste fylkespartia til Høgre i landet, målt etter oppslutning i stortingsval, og det låg også under den oppslutninga det hadde i mellomkrigstida.¹⁵¹ Kjerneområdet til partiet låg, som før, i byane og i dei nedre delane av fylket. I 1960-åra kan det registrerast ei svak utjamning ved at oppslutninga auka noko også i bygdene i Midt-Telemark og Øvre Telemark, men Telemark var – liksom før andre verdskrig – ein svak Høgre-region. Ei forklaring på dette kan vere at fylket relativt sett hadde ein svak middelklasse (sjå Kjeldstadli) – som partiet elles rekrutterte mange veljarar frå.

Enda svakare enn Høgre stod Bondepartiet, frå 1959 med namnet Senterpartiet (Sp). Strategien til partiet etter 1945 var å søkje valsamarbeid med andre parti. I kommunevala var det fleire slike fellelister mellom dei borgarlege par-

tia i perioden. Ved stortingsvala var Høgre den mest aktuelle partnaren. Dei to partia utfylte kvarandre ved at det eine stod sterkt der det andre var svakt – og omvendt. I 1949 stilte dei fellesliste i landdistrikta. Det sikra stortingsplass for Halvor Bunkholt, som markerte seg som ein av dei sentrale politikarane i stortingsgruppa.¹⁵² Ved neste stortingsval, i 1953, skar samarbeidet seg fordi Høgre var med på å innføre den nye valordninga som oppheva bondeparagrafen. Eit nytt valsamarbeid med Høgre i 1957 sikra ein ny periode for Bunkholt. Ved valet i 1961 var det lagt opp til eit omfattande valteknisk samarbeid mellom Venstre, KrF og SP, men tingingane braut saman. Partiet stilte eiga liste i Telemark og gjorde eit dårleg val. I 1965 stilte det ikkje liste i fylket, dels på grunn av organisasjonsveikskap, dels som følgje av negativt valsamarbeid med KrF.¹⁵³ I 1969 kom det i stand ei fellesliste mellom dei to partia der KrF tok eitt mandat. Dette betydde at Senterpartiet i Telemark mangla representasjon på Stortinget etter 1961 – før Terje Riis-Johansen vart vald inn i 1993.

1960-åra som overgangstid

«Det norske arbeidarparti vil aldri meir få fleirtal i Stortinget», skreiv Torolv Solheim i tidsskriftet sitt, *Fossegrimen*, etter valet i 1961 – og vart sannspådd.¹⁵⁴ Valet varsla ei endring i norsk politikk som gjorde 1960-åra til ei overgangstid. Den direkte bakgrunnen for Solheims spådom var suksessen til det nye partiet på venstresida, Sosialistisk Folkeparti (SF), som han vart leiar for i Telemark. Telemarkspartiet vart eit av dei største fylkespartia til SF i landet målt etter prosentoppslutning ved vala – i 1965 det aller største.¹⁵⁵ Oppslutning frå bygdene var ein viktig grunn til dette¹⁵⁶ (sjå Berntsen).

Appellen SF hadde til bygdeveljarane, drog vekslar på ei aukande uro over avfolkinga og flyttinga til sentrale strok. I Arbeidarpartiet ringde det alarmklokker alt etter valet i 1957 då det vart registrert at fleire småbrukarar og fiskarar vende seg til Bondepartiet som «opptrer mer og mer som bygdesamfunnets parti».¹⁵⁷ Men i programarbeidet vart det gjort lite for å kome krav frå primærnæringane i møte. Partiet satsa på å byggje ut andre delar av næringslivet i fylket. Her var kraftutbygginga viktig, og den gav også stemmer i kraftutbyggingskommunane.

Dei som var uroa over sentraliseringstendensane, fekk likevel fleire argument dei kunne bruke. Skulelova i 1959, som innførte skule kvar dag også på landsbygda og varsla overgang til niårig skule, sette fart i skulesentraliseringa som alt var i gang i 1950-åra. Mange små grendeskular vart nedlagde, og elevane vart overførte til større sentralskular som medførte lengre reiser. I Mo vart det til dømes lagt ned 12 krinsskular i 1950- og 1960-åra. «Mange var redde for at lang skuleskyss ville verke trøyttande på borni og gjere dei mindre dugande til arbeidet på skulen», skriv Olav Grimdalen i bygdesoga.¹⁵⁸

Denne perioden var også ei tid for ei omfattande kommunesentralisering, utgreidd i ei rekkje innstillingar, både sentralt av den såkalla Schei-komiteen




Skulebuss full av barn på veg opp frå Dalen i 1963. Vi ser Tokke skule i bakgrunnen.

Foto: Aage Storløyken / Aktuell / NTB Scanpix

og i fylkestinget.¹⁵⁹ Samstundes kom byane med i fylkeskommunen, og fylkestinget vart sett saman av kommunevalde representantar utmålt etter folketallet i kvar kommune.¹⁶⁰

Kommunesentraliseringa hadde bakgrunn i ei rekkje forhold. Kommunane vart pålagde større oppgåver og trong sterkare økonomiske musklar. Veksten i biltrafikken og nedkorting av reisetid var ein faktor. Avfolking av utkantar og eit meir sentralisert bumønster var ein annan. Interkommunalt samarbeid spelte inn: fellestiltak om t.d. skule- og vegpolitikken og om kraftforsyning. Dominerande haldningar i tida, at økonomisk vekst, som var eit sentralt mål, hang saman med sentraliseringstiltak, var viktige rammevilkår.

Byane var stort sett for samanslåing. Grunnen var tronge grenser og behov for omland. Dette var hovudargument for samanslåinga av Kragerø, Skåtøy og Sannidal. Det skjedde alt i 1960 utan stor strid, sjølv om lokale motstandarar hevda at det ikkje ville gå bra fordi «folkelynnet i Sannidal» var noko ulikt lynnet i dei to andre kommunane.¹⁶¹ Samanslåinga av Hovin og Tinn gjekk også greitt. Hovin som var ein liten, fattig kommune, gjekk sjølv inn for dette alt i 1950.¹⁶² Men ved dei andre samanslåingane i 1964 var det lange og motsetnadsfulle diskusjonar. Samanslåinga av Lårdal og Mo til Tokke og av Vinje og Rauland til Vinje kommune skjedde mot råd både frå fleirtalet i Schei-komiteen, fylkesnemnda og fylkesmann Bergsvik.¹⁶³ I Midt-Telemark vart Holla og Lunde førte saman til Nome kommune under stor strid, særleg i Lunde som miste kommunesenteret. Valebø, som hadde vore ein del av Holla, vart ført over til Skien. Diskusjonen om kommunemønsteret for dei nedre delane resulterte i ei rekkje ulike forslag og seige dragkampar. Det enda med at dei elleve by- og landkommunane i grenlandsregionen vart redusert til fire,



Nei-stemmer i folkerøystingane om EF 1972 og EU 1994, prosenttal i kommunane. Begge gonger var Telemark eit sterkt nei-fylke. Nei-prosenten gjekk noko ned i 1994. Her var det særleg byane som skapte utslaget. I fleire vesttelemark-kommunar auka neidelen. Merk Notodden og Tinn der motstanden vart større – truleg som ei følgje av industrikrisene.

to byar (Skien og Porsgrunn) og to landkommunar (Siljan og Bamble). I Aust-Telemark vart Heddal, Gransherad og Notodden slått saman til byen Notodden. Samla sett vart dei 32 by- og landkommunane i fylket reduserte til 18.¹⁶⁴

Konfliktlinjene i kommunesentraliseringa gjekk ofte etter gamle kommunegrensar og på tvers av partigrensene. Men den sterkaste politiske krafta bak denne prosessen var Arbeidarpartiet – i Telemark som på nasjonalt nivå. Her stod tanken om forholdet mellom sentralisering og vekst sterkast, men elles tente partiet på samanslåingane. Det galdt særleg opprettinga av dei store kommunane i grenlandsregionen, alle sterke arbeidarpartikommunar. Derimot, og av tilsvarende grunnar, var det langt større skepsis i dei borgarlege partia mot samanslåingsprosessen. Særleg i Sp var det også motstand mot å sleppe byane inn i fylkeskommunen.

Mot slutten av 1960-åra skjedde det ei politisk vending i Noreg retta mot sentraliseringspolitikken og vekstideologien. Den «tillitsfulle vekstens periode» ebba ut, skriv Edvard Bull og identifiserer samtidig eit «utkantopprør»

eller «antiautoritære opprør» mot rådande politiske tankar.¹⁶⁵ Korleis slo dette ut i industrifylket Telemark? Svaret kom i første omgang i debatten om medlemskap i den europeiske fellesmarknaden (EF).¹⁶⁶

Striden om Fellesmarknaden

Sommaren 1972 vart det sett opp eit skilt ved kommunegrensa til Vinje med påskrifta: «Velkomen til Vinje. Stem nei til unionen». Skiltet reflekterte haldningane til medlemskapsspørsmålet i kommunen. Ved folkerøystinga 25. september følgde vel 77 % av Vinje-veljarane oppmodinga på skiltet, og det var berre Hjartdal og Seljord av telemarkskommunane som hadde ei større nei-oppslutning. Motstanden mot Fellesmarknaden prega også resten av fylket og merkte det ut i landssamanheng. Telemark var det einaste fylket sør for Nord-Trøndelag som hadde nei-fleirtal i alle kommunar, og det var berre Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, trøndelagsfylka og fylka i Nord-Noreg som hadde større nei-side.¹⁶⁷

Det var i utgangspunktet ikkje sjølvstøtt at nei-sida skulle mobilisere så mange. Arbeidarpartiet og LO ivra for medlemskap, både nasjonalt og regionalt. Alt i 1971 gjekk fylkesårsmøtet i partiet ut med støtte til forhandlingsstrategien til regjeringa Bratteli, og på årsmøtet våren 1972 slutta eit stort fleirtal, 80 av 112, opp om forhandlingsresultatet og rådde det tillyste ekstraordinære landsmøtet i partiet til å stemme ja. Mindretallet, 32 delegatar, støtta eit forslag frå Telemark AUF som avviste medlemskap og gjekk inn for frihandelsavtale.¹⁶⁸ Tilhengarane stod sterkest i tillitsmannssjiktet. Det var også tilfelle i fagrørsla.¹⁶⁹ Høgre var ja-parti, og i næringslivet ivra både Hydro og Notodden Fabrikker for medlemskap. Ja-sida dominerte også avisene. Ja-avisene, med *Telemark Arbeiderblad* og *Varden* i spissen, utgjorde tre fjerdedelar av totalopplaget i fylket.¹⁷⁰ Berre to aviser gjekk ut med klare nei-standpunkt: *Teledølen* og *Vestmar*.

Likevel kom motstandarane tidleg på offensiven. Organiseringa gjennom Folkerørsla mot EEC fekk mykje å seie. Telemarksavdelinga vart skipa hausten 1970 med SF-formannen i fylket, Jon Bjørnebekk, som leiar.¹⁷¹ Avdelinga tok endeleg form som tverrpolitisk organisasjon våren 1971 og vart bygd ut med lokallag i alle kommunar. Organisasjonen stod sterkest blant bygdefolket i Midt- og Vest-Telemark, i «republikkbeltet» i 1905 – der også nei-sida skåra høgst i folkerøystinga i 1972. Av personar som fronta Folkerørsla, bør vi dra fram Aslak Versto og Hallvard Eika, begge sterke og talføre politikarar som også var aktive i EF-motstanden på landsnivå. Eika stod på tredje plass på rankinglista til Folkerørsla over dei mest etterspurde foredragshaldarane – etter Torbjørn Berntsen og Ragnar Kalheim.¹⁷² Folkerørsla kunne også alliere seg med den tradisjonelle telemarkskulturen som mellom anna vart brukt i «festmøte» i dei siste vekene før folkerøystinga. I det heile greidde nei-sida å skape eit stort folkeleg engasjement i bygdene som gjorde det vanskeleg for ja-sida å få godt fotfeste.




Jon Bjørnebekk (1941–1997) var ein av dei fremste leiarane for motstandsørsla mot Fellesmarknaden i Telemark. Han var leiar for Folkerørsla mot EEC i fylket under den første stridsperioden tidleg i 1970-åra – sjølv om mange i starten var imot å velje han fordi han var formann i Telemark SF. Han vart også leiar i fylkesavdelinga til Nei til EF i 1989–1992. Bildet er frå fylkesvalet i 1975. Han vart ikkje fylkesvaraordførar, men kom inn i fylkesutvalet.

Foto: Ivar Aaserud / VG / NTB Scanpix

Det vart strid i Ap om EF-spørsmålet i 1972. Her «skjer» statsminister Bratteli, utanriksminister Cappelen og justisminister Berrefjord gjennom problema. Det går utover Bjørn Tore Godal, ein av frontfigurane i AIK.

Illustrasjon: Finn Graff

DET FØRSTE JUBILEUM



— *Det gjelder bare å skjære gjennom problemene.*



Arne Vinje, f. 1951, gardbrukar, faglitterær forfattar og ordførar i Vinje frå 2003 – den første SV-ordføraren i Telemark.

Foto: Elisabeth Sperre Alnes

«Vest-Telemark hev jamt vori prega av ei blanding av konservatisme og radikalisme. På den eine sida hev folk vori stride til å halde på tradisjonar, skikkar, dialektar og alt det me reknar som kjenneteikn på lokalkulturen; og i motsetnad til t.d. jærbuen hev dei sett på endringar i økonomi og arbeidsliv med mistru

og dermed hatt ein tendens til å bli hangande etter i den økonomiske utvikling. På hi sida hev telemarkingane vori evig opposisjonelle og kjempa mot kongar, futar, prestar, monarki og EU – alt slik som vil styre og rå over dei.»¹⁷³

Spesielt for Telemark var den sterke oppslutninga om motstandssida i industribyane. Både i Skien, Porsgrunn, Notodden og Tinn var det nei-fleirtal i folkerøystinga, til skilnad frå industribyane elles på Austlandet. Den viktigaste grunnen til dette var større motstand mot EF blant industriarbeidarane, frå fagorganiserte og fagforeiningar, særleg i porsgrunns- og skiensdistriktet, i Kragerø og Langesund, på Notodden og, i noko mindre grad, på Rjukan. Motstanden var mest utbreidd ved dei store verksemdene, på Herøya, Union i Skien og Tangen verft i Kragerø. Her var antikapitalistiske og sosialistiske haldningar, som stod sterkt blant arbeidarane, eit viktig grunnlag for motstanden. Mange reagerte mot LOs EF-politikk, mellom anna bruken av «korttidssekretærar» som vart sende ut for å drive propaganda for EF. Fleire fagforeiningar nekta å ha noko med dei å gjere.


Motstandsgruppene i byane var meir organisasjonsmessig delte. Nokre var med i AKMED¹⁷⁴ som hadde utspring i ml-rørsla – og som Folkerørsla ikkje ville samarbeide med. Arbeiderbevegelsens informasjonskomité mot norsk medlemskap i EF (AIK) vart skipa av EF-motstandarar i Arbeidarpartiet. Formannen i AUF, Bjørn Tore Godal, spelte ei sentral rolle. Godal hadde tidlegare også vore formann i Telemark AUF og hadde kontakt til organisasjonen i fylket som støtta nei-sida.¹⁷⁵ AIK fekk inga sterk stilling i fylket, men saman med AUF, medlemmer av SF og NKP spelte dei ei rolle for nei-sida i byane og industristoka. Men det var Folkerørsla som var den viktigaste organisasjonen for motstandsarbeidet også i byane.

SKIFTANDE BØLGJER

EF-kampen markerte på fleire måtar ei endring i norsk politikk som også fekk konsekvensar for den politiske kulturen i Telemark. Ved kommunevalet i 1971, som var det første valet der EF var framme som tema, gjekk ja-partia tilbake. Men den store endringa skjedde ved stortingsvalet i 1973 då Arbeidarpartiet i fylket gjekk tilbake med om lag 15 prosent – og SV fram med nesten 17 prosent. Valet innleidde ein periode med partipolitisk ustabilitet. Skiftet fall saman med internasjonal økonomisk stagnasjon og omstillingskrise i industrien, som også ramma Telemark. Samstundes fekk samfunnskritiske tema og «antiautoritære opprør», merkande alt i 1960-åra, langt større plass i det politiske ordsiftet i denne perioden. Dette, kalla «det radikale oppbrotet» eller «syttitalsoppbrotet»,¹⁷⁶ kom til uttrykk ved meir aksjonistiske arbeidsformer, mykje etter mønster frå EF-kampen. Politikken endra på denne måten både form og innhald.

Politisk ustabilitet

Den grafiske framstillinga av styrkeforholdet mellom dei borgarlege og dei sosialistiske partia viser eit uroleg partimønster frå 1970-åra, med djupe dalar



Styrken til dei sosialistiske og dei borgarlege partia ved stortingsvala etter 1945, og styrken til dei tre sosialistiske partia enkeltvis. Diagrammet gjev eit noko misvisande bilde av «blokkene» etter at Senterpartiet gjekk inn i det raudgrøne samarbeidet i 2005. Men i fylkespolitikken (fylkestinget) vart det raudgrøne samarbeidet etablert først etter fylkestingsvalet i 2011. Miljøpartiet Dei Grøne som definerte seg som «blokkuavhengig», er her slått saman med den sosialistiske sida. Det er først ved valet i 2013 at dette gjev merkbare utslag.

og bratte fjell. Det er tydelegast for Arbeidarpartiet som datt langt nedover i 1973, greidde å reise seg igjen, passerte 50-prosentgrensa i 1985, for så å falle nedover i to fasar, i 1989 og enda djupare i 2001. Kurva over SVs utvikling tyder på samvariasjon med Arbeidarpartiet: Tilbakegang for det eine gav framgang for det andre – og omvendt. Langtidstendensen var likevel tap for den sosialistiske sida i telemarkspolitikken. Utviklinga var i pakt med landstendensen, men styrken til venstresida i Telemark var i utgangspunktet større slik at fallet frå midten av 80-åra var djupare. Frå og med stortingsvalet i 1993 var den borgarlege sida i fleirtal i fylket.

EF-spørsmålet utløyste ustabiliteten. DNA prøvde å dempe verknadane av den sterke nei-stemminga ved å nominere Aslak Versto på første plass på stortingslista i 1973. Det var strid i partiet om denne nominasjonen, og Versto vart etterfølgt av to ja-menn, Finn Kristensen og Oddvar Berrefjord.¹⁷⁷ Misnøye med at EF-motstandarar var svakt representerte på lista, var bakgrunn for skipinga av ei uavhengig sosialistisk gruppe i Kragerø. Herifrå kom initiativet til Sosialistisk Valforbund (SV) i Telemark, alliansen på venstresida mellom SF, NKP og AIK som stilte opp ei «rein» liste med EF-motstandarar.¹⁷⁸ Lista kapra eitt av dei tre mandata Arbeidarpartiet hadde hatt.¹⁷⁹

EF-spørsmålet skapte nye samarbeids- og allianserelasjonar og skipla forholdet mellom partia. For Arbeidarpartiet var det eit problem at oppslutninga frå ungdomen vart mindre. I Telemark vart dessutan «grunnfjellet» i partiet svekt då kriser ramma den tradisjonelle industrien i fylket (sjå Kjeldstadli). Oppslutninga om partiet gjekk mykje tilbake, mest i Tinn og på Notodden der det stod sterkast. Ved kommunevalet i 1987 miste Arbeidarpartiet fleirtalet det hadde hatt i Tinn i 42 år. Øystein Dahle frå Tverrpolitisk liste tok over ordførarvervet (etter Erik Haatvedt) og vart etterfølgt i 1994 av Olav Ulleren frå Senterpartiet.¹⁸⁰ På Notodden vann ei borgarleg felleliste kommunevalet i 1991. Høgre mannen Sveinung Flaaten tok over som ordførar. Arbeidarpartiet

fekk nesten halvert oppslutninga si, og partiet gjekk inn i ein periode med indre motsetningar.¹⁸¹

I landkommunane heldt Arbeidarpartiet seg best i Midt- og Vest-Telemark. Fyresdal merkjer seg ut. Både i 1970- og 1980-åra var det her Arbeidarpartiet relativt sett fekk den største oppslutninga i Telemark. Derimot stod SV svakt. Kontrasten er Vinje der Arbeidarpartiet gjekk sterkt tilbake i 1970-åra og miste fleirtalet ved kommunevalet i 1975.¹⁸² SV kom inn som eit stort parti. Ved alle stortingsval frå og med 1977 låg Vinje-partiet på topp når det galdt oppslutning om SV i fylket. I 2003 fekk partiet ordføraren – Arne Vinje – den første SV-ordføraren i Telemark.¹⁸³ Den radikale tradisjonen i fjellbygda Vinje, med røter i eit radikalt Venstre, inkludert Arbeidardemokratane, og eit radikalt Arbeidarparti, vart derfor ført vidare med den posisjonen SV fekk. Det er likevel verd å nemne at Vinje vart vald til ordførar med støtte frå alle dei borgarlege partia, men med ein motkandidat frå Arbeidarpartiet.

Også på borgarleg side skjedde det store endringar i partimønsteret etter 1973. Mest dramatisk var kløyvinga av Venstre hausten 1972 – eit resultat av EF-striden. Dei som var tilhengjarar av medlemskap, braut ut og danna Det Liberale Folkepartiet.¹⁸⁴ Kløyvinga innebar det tredje, og det mest alvorlege, tilbakeslaget for Venstre i fylket, etter at Arbeidarpartiet overtok det politiske hegemoniet i mellomkrigstida, og for det andre då KrF reduserte det til eit lite mellomparti etter 1945. I 1973 vart Hallvard Eika vald inn på Stortinget på felleliste saman med SP, men dette var siste gongen Venstre i Telemark var representert på Stortinget. Utbrytarpartiet hadde den første tida ei viss



Avrøystinga på Venstres landsmøte 1972 då EF-spørsmålet kløyvde partiet. F.v. Hallvard Eika, Asbjørn Liland, Gunnar Garbo, Nils Slungård og Helge Seip. Eika var ein av forgrunnsfigurane i EF-kampen. Etter sigeren i folkerøystinga om hausten vart han handelsminister i regjeringa Korvald og leidde forhandlingane som førte fram til handelsavtalen med EF. Før det var han landbruksminister i regjeringa Borten. Han sat i fleire periodar i kommunestyret i Bø, nokre år som ordførar, og han hadde ei rekkje andre politiske og offentlege verv.

Foto: Svein Hammerstad / NTB Scanpix

oppslutning i Porsgrunn. I 1988 vende det tilbake, men utan at dette gav nemneverdig større politisk suksess. I lokalpolitikken kunne likevel partiet spele ei rolle i nokre kommunar. I Bø hadde Venstre lenge ei sterk stilling.¹⁸⁵ Men Venstre, også i Telemark, vart i denne perioden redusert til eit miniparti.

EF-spørsmålet gav Senterpartiet eit løft som Eika drog fordel av i 1973. Men effekten av EF på nei-partia vart raskt borte. Sp stilte eiga fylkesliste ved valet i 1977, for første gong sidan 1961, utan stor suksess, og heile 1980-åra var ein svak periode for partiet. Bildet kan likevel nyanserast. Partiet stod relativt sterkt i dei øvre delane av fylket, både i Aust-Telemark der det tradisjonelt sett hadde hatt mest tilslutning (Hjartdal som beste kommune), men også i Vest-Telemark – i Fyresdal, Tokke og Vinje. Partiet markerte seg som «bygdepartiet», mest i bygder med tynn folkesetnad.

Det mest stabile partiet i den ustabile perioden etter 1972 var KrF. Partiet oppnådde jamt over mellom ca. 10 og 13–14 prosent fram til dei første vala på 2000-talet.¹⁸⁶ Men stabiliteten galdt også den geografiske utbreiinga. Rekrutteringa av veljarar var temmeleg jamn over heile fylket – sjølv om nokre kommunar merkte seg ut med høg støtte. Dei beste områda for partiet var Kragerø og Drangedal, Nissedal, Kviteseid, Seljord og Hjartdal. Nissedal stod i ei særstilling der oppslutninga ved vala varierte mellom 20 og 30 prosent i denne perioden. Ein grunn kan vere nærleiken til religiøse miljø og Agder, men elles hadde Nissedal ein tradisjon med sterke vekkingsrørsler og religiøse organisasjonar. Pinskerørsla som organiserte seg i Treungen i 1969, fekk ei sterk stilling.¹⁸⁷ I ei regional jamføring var telemarkspartiet sterkare enn i dei andre austlandsfylka, men svakare enn i Agder og på Vestlandet, som var hovudområdet til KrF.

Høgrebølgja

Den partipolitiske utviklinga i 1970- og 1980-åra var prega av ei sterk høgrebølgje, i Telemark så vel som i resten av landet (sjå grafisk framstilling). Den starta rett etter 1973, slo ut ved kommunevalet i 1975, heldt fram ved fylkestingsvalet i 1979 og vidare ved stortingsvalet i 1981 – for så å flate ut. Toppen vart nådd ved stortingsvalet i 1985 då nesten ein fjerdedel av veljarane i fylket røysta på partiet – det høgste nivået partiet hadde hatt sidan 1924 og mellom 10 til 15 prosent over nivået i 1940-, 1950- og 1960-åra. Deretter gjekk det nedover bakke før bildet endra seg i 1990-åra med eit sterkt Framstegsparti.

Eit særtrekk ved utviklinga i Telemark var at veksten for partiet starta noko seinare enn i grannefylka på Austlandet og i Agder og på Vestlandet. Telemark Høgre som i utgangspunktet var eit av dei svakaste fylkespartia i landet, gjorde også at nivået på «bølgja» låg under landsgjennomsnittet.¹⁸⁸ Veksten var likevel sterk. Elles var utviklinga temmeleg lik den nasjonale. Det starta som ei «kystbølgje» med utgangspunkt i dei mest urbane områda i dei nedre delane av fylket, der partiet frå før heldt seg best, spreidde seg til Midt-Tele-



Jan Helge Jansen (f. 1937) ved Stortingets talarstol, omkransa av (t.v.) Kjell Magne Fredheim og Grete Knudsen og (t.h.) Ragna Berget Jørgensen og Theo Koritzinsky. Jansen var prest i Gjerpen og seinare i Gulset og aktiv politiskar i Høgre. Han sat i ei årrekke i bystyret i Skien, var leiar i Telemark Høgre i 10 år og var stortingsrepresentant 1985–1989.

Foto: Jan Petter Lynau / VG / NTB Scanpix

mark og vidare til dei øvre delane av fylket. Frå og med valet i 1981 kulminerte veksten i byregionane, men heldt fram med stor styrke i Øvre Telemark, særleg i vestdelen. I 1985 røysta over ein fjerdedel av veljarane i Vinje på partiet, om lag som i grenlandsbyane, det vart nest største parti i kommunen, berre slått av Arbeidarpartiet. Rådmannen i kommunen, Ingvald Godal, vart vald inn som andremann på høgrelista. Førsteplassen gjekk til Jan Helge Jansen, som var stemmesankar særleg for grenlandsdistriktet.

I analysane om bakgrunnen for høgrebølgja er det lagt vekt på den politiske lausgjeringa som skjedde i striden om EF-spørsmålet. Den «rusket opp i gamle lojaliteter», endra skiljelinene i den politiske debatten og skapte grunnlag for nyorientering blant veljarane.¹⁸⁹ Samstundes hadde den meir langsiktige samfunnsmessige utviklinga redusert stengsler som hindra Høgre innpass i nye veljargrupper. Høgrebølgja drog vekslar på «nyliberalismen» og reaksjonar mot reguleringsstaten, som hadde vind i segla på denne tida. I si bok om Høgres historie legg Francis Sejersted vekt på at partiet også drog fordel av «syttitalsoppbrotet». Det skapte nye motsetningsforhold som kom til å gå meir på relasjonane mellom individ og samfunn enn mellom klassar. Dette gjorde det lettare for Høgre å rekruttere veljarar.¹⁹⁰ No var klassekamptenkinga framleis levande i Telemark, men industrisamfunna vart svekte. Det same galdt arbeidarkulturen. Folkets Hus vart alt frå 1940-åra gradvis avvikla, rivne eller selde og mange plassar erstatta av nye felles «samfunnshus».¹⁹¹

Eit moment i tillegg er svekkinga av dei tradisjonelle motkulturane. Det var ikkje noko nytt, men i denne perioden tapte både nynorsk- og fråhaldsrørsla kraft som partikonstituerande spørsmål. I Telemark gjekk talet på sku-

lekrinsar med nynorsk som hovudmål frå 67 prosent i 1952 til 37 i 1995.¹⁹² På same tid vart fråhaldsrørsla marginalisert. Drangedal hadde t.d. sju vaksenlag og to barnelag rett etter krigen, men alle sovna inn dei neste tiåra – det siste i 1992. I fylket var det att fire vaksenlag i 1997 med til saman ca. 120 medlemer.¹⁹³ I ungdomslaga var det dansefestane som fengde mest, og dei gamle kampsakene tende ikkje som før. Lekmannsrørsla (pinsevenene) og dei religiøse organisasjonane stod langt sterkare – var eit viktig grunnlag for KrF, men kunne også innpassast i Høgre-kulturen. Telemarkspartiet hadde presten Jan Helge Jansen som formann i 1976–1986.¹⁹⁴

Høgrebølgja «fikk kraft fra opprøret mot autoritetene, men også reaksjonen mot det samme opprøret», skriv Hallvard Notaker i si bok om partiet.¹⁹⁵ Det siste var ein konservativ reaksjon mot det som vart sett på som nedbryting av tradisjonelle normer og samfunnsinstitusjonar, i skule-, familie- og kriminalpolitikken, og var retta mot ein akademisk og statsstyrande elite. Dette var reaksjonar som kunne knytast til ein folkeleg motstand mot elitar og sentrum som Høgre og, ikkje minst, framveksten til partiet i distrikta kunne støtte seg på.

Framfor stortingsvalet i 1989 vart fylkespartiet ramma av indre strid som mellom anna førte til at Jansen vart vraka under nominasjonen.¹⁹⁶ Partiet gjekk mykje tilbake, særleg i Vest-Telemark. Ingvald Godal vart likevel attvald – men som einaste høgrerepresentant for fylket.

Det radikale oppbrotet

«Syttitalsoppbrotet» var eit samansett fenomen. Det var uttrykk for eit mentalitetsskifte som førte ei rekkje nye samfunnskritiske spørsmål inn i norsk politikk. Dei hadde røter i dei gryande protestane mot trekk ved den norske samfunnsutviklinga som utvikla seg i 1960-åra, og vart forsterka ved EF-striden. Dei kom ofte til uttrykk gjennom aksjonar, demonstrasjonar og direkte opinionsretta arbeid og vidareførte slik EF-kampens arbeidsformer. «Oppbrotet» markerte eit generasjonsskifte og var slik i utgangspunktet eit ungdomsopprør. Ungdom var ein viktig del av høgrebølgja, men det var i organisasjonar på den politiske venstresida ungdomen særleg markerte seg. I partipolitikken galdt det særleg sosialistiske grupper knytte til SV og ml-rørsla. Raud Valallianse (RV) stilte lister i nokre kommunar i Telemark frå og med valet i 1979, det fekk ei viss oppslutning særleg i Notodden, Bamble og Kragerø, men som politisk alternativ spelte det ei marginal rolle i fylket.¹⁹⁷ Eit unntak er Notodden der det kan dragast linjer frå 1970-åra, då RV kom inn i kommunestyret (1979), til skipinga av Solidaritetslista saman med SV og «partilause» i 1995. Denne lista fekk innverknad i bypolitikken, særleg etter 2003 då det vart innleidd samarbeid også med Arbeidarpartiet.¹⁹⁸

RV hadde større innverknad i andre organisasjonar som var ein del av «syttitalsoppbrotet». Det galdt særleg kvinnerørsla der Kvinnefronten, med



utspring i ml-rørsla, var ein av dei sterke organisasjonane. I Porsgrunn starta den saman med Nyfeministane Kvinnehuset i 1973, det første i sitt slag i Noreg – etter modell frå Kvinnehuset i København. I 1975 fauk dei to organisasjonane saman i strid med gjensidige skuldingar om politiske feil i kvinnearbeidet. Det enda med at Kvinnefronten braut samarbeidet.¹⁹⁹ Liknande konflikhtar skjedd mange stadar. Samla sett fekk likevel kvinnesaksspørsmålet ei sentral stilling på denne tid.

I det politiske livet gjekk det likevel lang tid før kvinnene vart synlege i Telemark. Margit Schjøtt vart vald inn på stortingslista til Venstre i 1945, men ho døydde alt hausten 1946,²⁰⁰ og etter det hadde ikkje fylket faste kvinnelege

Kari og Eva med Linn på armen framfor kvinnehuset, Storgata 183, i Porsgrunn i 1974. Dei to andre barna er Ingrid og Nils.

Foto: Aage Storløyken / Aktuell / NTB Scanpix



Hausten 1985 klatra miljøaktivistane Geir Arne Bore og Frederic Hauge opp i eit tårn i Norsk Hydros anlegg på Rafnes som protestaksjon mot utslipp av det giftige stoffet etylendiklorid (EDC) i vatn.
Foto: Geir Arnesen / Aftenposten / NTB Scanpix

representantar på Stortinget før Turid Varsi vart vald inn på arbeidarparti-lista i 1977. I kommunestyra gjekk kvinne delen noko opp etter krigen, den heldt seg stabil i 1950-åra, men gjekk tilbake på 1960-talet – før kvinnene kom meir med frå 1970-åra. I 1975 vart Elna Kabbe den første kvinnelege ordføraren i fylket – i Nome. Men fram til 1970-åra merkte ikkje Telemark seg ut med aktive kvinnemiljø i politikk og samfunnsliv. I Porsgrunn hadde styrken og aktiviteten blant kvinnene vore større i eldre tider, skriv byhistorikaren Jon Skeie.²⁰¹ Spesielt for Telemark var eit mannsdominert nærings- og arbeidsliv. Det prega Porsgrunn. Kvinnene kom seint inn i arbeidslivet, og dei fekk også ei svak stilling i den elles så sterke fagforeiningsrørsla. Dette endra seg i siste del av hundreåret då den tradisjonelle industrien i fylket fekk vanskar, og då veksten i typiske kvinneyrke – i utdannings-, omsorgs- og sosialsektoren – skaut fart.

På denne tida hadde også miljørørsla vind i segla. Ho etablerte seg gjennom fleire organisasjonar og aksjonar. Rørsla representerte ein kritikk av industrisamfunnet og var på den måten eit åtak på ein hjørnestein i telemarkssamfunnet. Særleg kom grenlandsområdet, eit av dei mest forureina områda i landet, i søkelyset. I Skien var utslepp frå Union Bruk til tider så plagsame at folk hadde problem med å «bevege seg utendørs», og vindu og dører måtte stengjast, heitte det i eit forslag AUF la fram i 1982. Folk var ramma av «hodepine, kvalme, rennende øyne og uopplagthet».²⁰² I Porsgrunn vart skotlinja retta mot Hydro som var kjelde for ureining både av luft og fjord, og både Natur og Ungdom, som etablerte seg med eit eige fylkeslag i 1977, og miljøstiftinga Bellona aksjonerte fleire gongar mot verksemda. Preset frå miljørørsla påverka også partia som forma miljøpolitiske program – mest konsekvent i mellompartia og SV. Arbeidarpartiet og Høgre var meir påverka av arbeidar- og bedriftsinteresser. Jon Skeie hevdar at det skjedde eit haldningsskifte blant dei fagorganiserte og i opinionen elles då Bellona i 1987 kunne påvise store utslepp av kvikksølv frå klorfabrikken på Herøya.²⁰³ Seks år tidlegare vann friluft- og miljøinteressene både i Telemark og resten av landet ein siger då Stortinget gjorde vedtak om å opprette Hardangervidda nasjonalpark.²⁰⁴

Miljøpolitikken vart institusjonalisert, sentralt med Miljøverndepartementet (1972), regionalt ved å leggje miljøspørsmål inn under kommune- og fylkesadministrasjonen. I Telemark vart natur- og miljøvern innarbeidd i fylkesplanane. Den første som vart lagd fram i 1975, tok mellom anna opp spørsmålet om å sikre Norsjø, som var truga av ureining, som drikkevasskjelde.²⁰⁵ Seinare vart det sett i verk ei rekkje tiltak overfor dei spesielle miljøproblema i grenlandsregionen – mellom anna gjennom «Miljøpakke Grenland» (sjå Kjeldstadli og Vike). Etableringa av ei eiga naturvernline ved den nye Telemark distriktshøgskole var også eit talande uttrykk for den posisjonen miljøvernet hadde fått – her i forskning og undervisning.

Oppretting av distriktshøgskular var elles uttrykk for ein annan «motkulturell» tendens i tida. Skuleslaget varsla «distriktpolitikk», eit nyord i samfunnsdebatten i 1960-åra. Men nemninga var likevel tvitydig. «Distrikt» kunne definerast i høve til hovudstodområdet – i ei slik jamføring var Telemark ein periferi. I den sentrale planlegginga vart distriktshøgskulen plassert i Skien. Det vart støtta av fylkestinget. Skien stod også sterkt fordi det tidleg i 1960-åra var sett i gang eit kursopplegg i vidaregåande bedriftsøkonomi ved Telemark Handelsgymnas i samarbeid med Norges Handelshøyskole som kunne vere grunnlag for økonomisk-administrativ studieretning i ein ny høgskule.²⁰⁶ I all planlegging av distriktshøgskule i Telemark fram til seinhausten 1969 bles vinden eintydig i retning av grenlandsområdet, eventuelt med opning for delaktivitet ved lærarskulen på Notodden – som vart gjenreist i 1963. Men hausten 1969 voks det fram ei sterk motrørsle med utgangspunkt i Studentmållaget i Oslo. Ei aksjonsnemnd vart bygd opp for å knyte dei nye høgskulane, iallfall nokre av dei, til bygdemiljø. I 1969 vann Volda fram som lokaliseringsstad i Møre og Romsdal. Kampen i Telemark vart hardare.²⁰⁷ Men aksjonskomiteen greidde å byggje opp ein brei allianse med personar, institusjonar og organisasjonar som både av politiske, kulturelle og næringsmessige grunnar samla seg om Bø som lokaliseringsstad. Her var Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og bondeorganisasjonane med og også utvalde politikarar i storting og regjering. I sentraladministrasjonen vart leiaren for Seksjon for distriktshøgskolar, Ingjald Ørbeck Sørheim, ein støttespelar. Det kom

Når Distriktshøgskulen vart plassert i Bø i 1970, hadde det både samanheng med sterke distriktpolitiske vindar i samtida og med at Bø alt hadde markert seg som skulesenter. Bildet viser det nye høgskolebygget som stod ferdig i 1994

Foto: Jan Holm



Melding rykt inn som annonse i TA 19.9.1972: «Studentane ved Telemark Distriktshøgskole har med 115 mot 60 stemmer gått imot norsk medlemskap i EF. 15 av dei 20 lektorane ved skolen har også gått mot medlemskap.»

også støtte frå lærarar ved Universitetet i Oslo og Landbrukshøgskulen i Ås – og frå nynorskfilosofane Gunnar Skirbekk, Hans Skjervheim og Jon Hellesnes. Dei var foredragshaldarar på eit seminar ved landsgymnaset i Bø i november 1969 som var starten på aksjonsarbeidet i Telemark. Landsgymnaset, offisielt oppretta i 1954 med namnet Telemark offentlege landsgymnas, var tufta på den gamle realskulen og gav Bø verdifull «kulturell kapital» i striden om høgskulen, ikkje minst fordi rektor Halvor Dalene vart ein av dei sentrale forkjemparane for stadvalet. Her bør også stortings- og bygdepolitikarane Hallvard Eika, Aslak Versto og Johannes Østtveit nemnast.²⁰⁸ I løpet av våren 1970 fekk telemarksaksjonen støtte frå 12 av dei 18 kommunane i fylket. Det omfatta også Notodden som fann ut at lærarskulen kunne få meir ut av ei lokalisering i Bø enn i Skien.²⁰⁹ Fram mot den endelege handsaminga i Stortinget sette aksjonsnemnda i gang eit intensivt arbeid for å påverke utfallet. «Norske parlamentarikere utsettes sjelden for en slik lobbyvirksomhet som i denne saken», skreiv Dagbladet som var Bø-tilhengar.²¹⁰ Men også Skien-tilhengarane var aktive. Dei hadde politisk støtte særleg frå Høgre, men også frå Arbeidarpartiet (t.d. Sverre Løberg). I den endelege avrøystinga (29.5.70) sigra Bø-tilhengarane med stort fleirtal (78 mot 57).²¹¹

Plasseringa av distriktshøgskulen i Bø var det klaraste og sterkaste uttrykket for «bygderørsla» i Telemark – før EF-kampen. I denne kampen kom elles høgskulen til å spele ei rolle som eit slags ideologisk fyrtårn på nei-sida.²¹²

Men engasjementet for utkantane og distrikta som EF-kampen utløyste, fekk varierende styrke i åra utetter. Det fremste talerøret for nei-sida, *Teledølen*, måtte gå inn alt i 1973. Men same året kom *Vest-Telemark Blad*. Avisas sprang ut av miljø kring Folkerørsla mot EEC i Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje og vart eit kraftfullt organ for bygdeinteressene i området.²¹³ Ser vi på skuleutviklinga, skjedde det ei utbygging, og ei desentralisering, av den vidaregåande skulen, men elles heldt skulesentraliseringa i kommunane fram. Distriktshøgskulen vart samordna og i 1994 slått saman med dei andre høgskulane i fylket, Lærarhøgskolen på Notodden og Rauland, Ingeniørhøgskolen i Porsgrunn og Sjukepleiarhøgskolen i Skien, til Høgskolen i Telemark. Leiinga og fellesadministrasjonen vart lagd til Porsgrunn, og dermed fekk Grenland tilbake noko av det regionen tapte ved vedtaket om distriktshøgskule i 1970. Elles heldt folkeflyttinga som gav vekst i dei nedre delane og uttynning i dei øvre delane av fylket, fram. Verst gjekk det ut over Rjukan som i perioden 1970 til 1994 fekk ein nedgang i folketalet på ca. 1700 personar.²¹⁴

Fellesmarknaden – andre runde

EU-striden i 1994 markerte på mange måtar ei vidareføring av «syttitalsoppbrotet». Konfliktane i striden og resultatet av folkerøystinga i 1994 var temmeleg lik oppgjeret om EF i 1972. Fylket merkte seg på nytt ut som eit av dei

sterkaste nei-fylka i Sør-Noreg. Sør for Nordland hadde berre Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane større nei-fleirtal. Som i Noreg elles var nei-sida noko redusert i høve til 1972, men mindre enn landsgjennomsnittet. Ja-sida var noko styrkt i by- og industristroka i dei nedre delane av fylket. Porsgrunn fekk som einaste kommune i fylket ja-fleirtal. Det hadde truleg samanheng med frykt for at eksportindustrien kunne bli skadelidande ved å stå utanfor Fellesmarknaden, eit argument ja-sida la stor vekt på. Men i dei kriseramma industristadane, Notodden og Rjukan, gjekk nei-sida fram. Det same galdt kommunane i Vest-Telemark. I Vinje røysta nesten 80 prosent av veljarane nei. Vekst i motstanden her kan tolkast som ein reaksjon mot sentralisering, svekking av utkantane og utkantnæringane.

Frontane i striden var nokså lik kampen i 1972 både når det galdt argumentasjon og organisering. Den «gamle» Folkerørsla mot EEC innstilte gradvis verksemda si etter avrøystinga i 1972 – på landsnivå definitivt i 1977. Men den nye organisasjonen, Nei til EU, vart oppretta i sterk kontinuitet til Folkerørsla.²¹⁵ Opptakta til ny organisering i Telemark skjedde våren 1989 etter initiativ frå sentrale personar i fagrørsla, men der det vart lagt vekt på å samle nei-personar frå ulike organisasjonar og parti.²¹⁶ Det vart først oppretta eit informasjonsorgan, *EF-inform Telemark*, med eit eige styre som dreiv informasjonsarbeid. Medlemsorganisasjonen Nei til EU vart sett på beina våren 1990 og fekk snart avdelingar i alle telemarkskommunane. Nei-folk frå 1972 gjekk att både lokalt og på fylkesnivå. Det galdt mellom andre Jon Bjørnebekk og Aslak Versto.²¹⁷ I 1992 tok Versto initiativ til å opprette «Sosialdemokratane mot EF» (SME). Versto døydde hausten 1992, men arbeidet vart ført vidare av mellom andre Bjørnebekk og Torvald Hellstrøm, sentrale personar i Nei til EU. Slik oppstod det eit tett fellesskap mellom dei to organisasjonane. I tillegg stilte fylkespartia til Sp, KrF og SV opp på nei-sida. Vel ein månads tid før



Også i EU-striden 1994, liksom i 1972, dominerte nei-sida i Telemark. 1. mai vart brukt som demonstrasjonsdag, som her i Skien i 1994.

Foto: Inge Fjeldalen / Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark



1. mai-feiringa på Rjukan i 1992 var ein stor suksess for Nei til EF, både i toget og elles. Samorg som stod som arrangør, vart stilt i skuggen.

Anne Enger var invitert til å halde hovudtalen på torget. Trass striregn vart plassen fylt av folk, mange kom frå bygdene ikring. «Frå første stund hadde hun forsamlingen i sin hule hånd», skriv Helge Dahl i Rjukan-historia (Dahl 2000:267).

Foto: Trond Lepperød

folkerøystinga i november 1994 stod alle fram i ein felles pressekonferanse i Skien og markerte på denne måten samling på nei-sida.²¹⁸ Ja-sida, som hadde Europabevegelsen som organisasjon, og som prøvde å strekkje seg mot den politiske venstresida ved å velje SV-politikaren Per Morken som leiar, greidde ikkje på same måten å samle sterke troppar.

SME kunne nokså ope operere som ein fraksjon i Arbeidarpartiet, eit prov på at avstandane og intensiteten i striden var svakare i 1994. Fylkespartiet i Telemark hadde ein lang debatt om spørsmålet på årsmøtet våren 1994. Eit forslag som rådde veljarane til å stemme ja, fekk fleirtal, men det vart understreka at ein skulle «respektere begge parters syn».²¹⁹ LO spelte ei anna rolle enn i 1972. På LO-kongressen i 1994 gjekk fleirtalet inn for å avvise norsk medlemskap.

Ulikt EF-striden i 1972 vart EU-saka eit sentralt valkampspørsmål ved stortingsvalet i 1993, året før avrøystinga. Sp vart den store vinnaren. Partiet vart nest størst i Telemark (som i landet elles), det beste resultat nokosinne. Terje Riis-Johansen vart vald inn på Stortinget, den første Senterparti-represen-

tanten for Telemark sidan valet i 1958. I kommunane både i Midt-, Aust- og Vest-Telemark røysta mellom ein fjerdedel og ein tredjedel av veljarane på partiet. I Hjartdal, Vinje, Seljord og Kviteseid vart det størst av alle. I Tokke, Bø og Sauherad fekk det ei oppslutning om lag som Arbeidarpartiet.²²⁰ Tapa- ren var Høgre, som venta, men særleg sviande var resultatet for SV. Medan SV drog fordel av EF-kampen i 1972, greidde det ikkje å utnytte stemningane denne gongen – og gjekk tilbake ved valet i 1993 (sjå Berntsen). Arbeidarpartiet hadde ein liten framgang og fekk inn tre representantar på Stortinget, ein meir enn i 1989.²²¹ KrF kom tilbake med Solveig Sollie. Senterpartiets sterke stilling heldt seg også ved kommunevalet i 1995. I Hjartdal, Kviteseid, Tokke og Tinn fekk partiet mellom 40 og 50 prosent av stemmene. Tinn stod her i ei særstilling. Medan kvar femte veljar støtta partiet ved stortingsvalet i 1993, gjorde ca. 45 prosent det i 1995. Det vart det største parti i kommunen og sikra ein ny periode for Ulleren som ordførar.²²²

Konfliktdemping og einsretting

Striden om EU i 1994 representerte på nokre måtar eit slutt punkt for det antiautoritære «opprøret» frå syttitalet. Dei politiske spørsmåla som var framme då, var likevel sentrale også seinare. Det galdt både miljøpolitikken og likestillingsspørsmålet. Men desse sakene vart i stor grad bakte inn i det ordinære politiske systemet – i administrasjonen og partiprogramma. Miljøspørsmålet vart i kraft av den stillinga det fekk både nasjonalt og internasjonalt, eit stadig viktigare tema. Miljøorganisasjonane vart styrkte og førte for ein stor del ein aksjonistisk politikk. Men samstundes vart miljøørsla dregen inn i eit samarbeid med styresmaktene og næringslivet. I likestillingsspørsmålet vann kvinnene nye sigrar. Dei fekk ei sterkare stilling i politiske institusjonar. I 1991 utgjorde kvinnene 30 prosent av kommune- styremedlemene i fylket, i 2011 var talet nesten 40. Dei var endå sterkare representerte i fylkestinget, frå 40 prosent i 1995 til vel 46 i 2011.²²³ Men dei var framleis i mindretal. Etter valet i 2011 var berre 6 av 18 ordførarar kvinner. I 1998 vart Solveig Sollie den første fylkesmannen i fylket, og i 2003 vart Gunn Marit Helgesen den første fylkesordføraren. I 2006 vart Kari Nordheim-Larsen utnemnd til fylkesmann etter ein lang karriere både i telemarks- og rikspolitikken.

Til skilnad frå Folkerørsla etter 1972 vart ikkje Nei til EU lagt ned etter avrøystinga i 1994. Den heldt fram som informasjons- og vaktorgan, med kritisk blick på særleg EØS-avtalen.²²⁴ Men den miste preg som folkerørsla. Mange av dei verdiane den bygde på, og som stod sterkt i Telemark, vart også svekte i åra utetter – som t.d. forsvaret av utkantar og utkantnæringar. Den politiske aktivismen på venstresida vart også svakare. Nedbygginga av Hydro i Porsgrunn frå siste del av 1980-åra og den store omstillinga verksemda gjekk igjennom i 1990-åra, utløyste store demonstrasjonar, men ein langtidsverk-



Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen (og ordførar Øystein Beyer) tok imot prinsesse Somsawali av Thailand i Brevik sommaren 2010. Prinsessa hadde med seg ein statue av kong Chulalongkorn av Thailand (Siam) som gåve, til minne om noresreisa kongen gjorde i 1907 då han besøkte Brevik – med ein avstikkar vidare til Notodden og Rjukan der Sam Eyde var vertskap.

Foto: Bjørn Johannessen, Telemarksavisa



Dei største telemarksavisene ved starten av 2000-talet. Alle hadde rive seg laus frå den partipolitiske tilknyttinga dei hadde hatt.

Foto: Haakon Wærstad

nad var svekking av fagforeiningsrørsla. Medlemstalet i Herøya Arbeiderforening gjekk mykje tilbake.

Organisasjonssamfunnet var i stadig endring. Dei tradisjonelle idébaserte og endringsorienterte folkerørslene var i tilbakegang, og det voks fram nye fritidsrelaterte organisasjonar, mange av dei knytte til barne- og ungdomsarbeid. Dette var ei meir lokal, avideologisert og serviceretta organisasjonsrørsla, men ho skapte samstundes mindre lokal og regional variasjon. Overgang til informasjonssamfunnet skapt av dei nye nettbaserte media verka i same retning – mot ein meir einsretta kultur.²²⁵

Samstundes vart det politiske livet meir straumlinjeforma og byråkratisert. Veksten i verksemda til kommunane og fylka er ein langstrakt prosess med utgangspunkt i tida rett etter andre verdskrig. Men den skaut særleg fart i 1960-åra og auka i omfang deretter. Kommunane og fylket fekk større ansvar for utvikling av velferd i vid meining av ordet (sjå Vike). Dette førte til meir profesjonelle administrative apparat og til at nye spørsmål vart førte inn i den politiske debatten, til dømes barnehagepolitikk, helse- og omsorgstiltak, bustadbygging, næringsutvikling, kommunale avgifter og kommunesamarbeid. Kommunane vart på same tid meir og meir «forvaltningskommunar» med oppdrag å byggje ut og administrere den offentlege velferdspolitikken. Det utløyste ein debatt om kor fritt kommunane skulle stå i høve til statlege pålegg. Skulle dei offentlege overføringane baserast på rammetilskot, eller skulle kommunane bindast gjennom øyremerkte tildelingar? Trass i fleire utspel om frie rammer ser utviklinga å ha gått i retning av binding. Det har samanheng med at prinsippet om rettsleggjering av velferdstenester, at borgarane skulle ha same rettar uavhengig av kvar dei budde i landet, fekk eit gjennomslag. Prinsippet var mellom anna bakgrunn for at sjukehusa vart overførte frå fylke til stat i 2002 og organiserte i regionale helseføretak (Telemark i Helse Sør-Øst).²²⁶ I 1975 vart fylkeskommunen styrkt ved reforma om direkte val og direkte fylkesskatt som sette dei i stand til byggje opp ein eigen administrasjon. Sjukehusreforma, derimot, svekte fylkeskommunen som forvaltningseining og fremja ein debatt om denne eininga burde fjernast heilt eller integrerast i større regionar.

Dei politiske partia vart også meir byråkratiserte og profesjonaliserte. Ein vesentleg grunn til dette var ordninga med offentlig støtte til kommune- og fylkespartia som vart oppretta i 1975. Støtta bygde på oppslutninga ved vala og favoriserte slik dei største partia. I Telemark galdt det særleg Arbeidarpartiet som trass i tilbakegang i 1980-åra framleis var det største partiet i fylket. Men også Høgre tente på valframgangen sin i 1980-åra, og det same gjorde Framstegspartiet (FrP) seinare. 1994 fekk fylkespartiet til Arbeidarpartiet 76 prosent av totalbudsjettet sitt i overføring frå stat og fylke. Kontingenten utgjorde til samanlikning knapt 4,5 prosent.²²⁷ I 2013 var den samla overføringa til fylkes- og kommunepartia i Telemark på 3 550 000 kroner. I tillegg fekk ungdomsor-


ganisasjonane til partia nesten 672 000.²²⁸ Overføringane gjorde det mogleg både å byggje opp partiapparata og engasjere heiltidsbetalte politikarar. Det innebar ei sentralisering av makt i fylkespartia. Igjen var det Arbeidarpartiet som kunne gå lengst her. Det bygde ut partiadministrasjonen i fylkespartiet til eit «serviceapparat» for kommunepartia, som det heitte i 1994.²²⁹

Utbygginga av partia skjedde samstundes med at pressa reiv seg laus. Dette var ein gradvis prosess over heile landet, men med høgdepunkt i første delen av 1990-åra. *Telemark Arbeiderblad* drog seg hausten 1993 frå den faste plassens avisa hadde hatt i styret til partiet. Brotet vart markert med å stryke nemninga «Arbeiderblad» i tittelen og ta namnet *Telemarksavisa* – med avkortinga TA. *Rjukan Arbeiderblad* vedtok fristilling tre år tidlegare.²³⁰ For *Varden* som etter 1953 var knytt til Høgre og Høgres pressekontor (frå 1987 med namnet *Norpress*), skjedde fristillinga meir gradvis. «I dag» synest det «nedverdige å ha noe med et parti eller politisk redaksjon å gjøre» skreiv den tidlegare redaktøren Johan E. Holand i 1991.²³¹ Ei liknande utvikling skjedde i venstreavisa *Porsgrunns Dagblad* og i høgreavisa *Kragerø Blad*. Med dette vart avisene ideologisk og politisk meir like kvarandre. Det kom mellom anna til uttrykk i EU-kampen hausten 1994 då ingen av dei kasta seg inn i striden på nokon av sidene, men opna spaltene for begge. For *Varden* og TA, som var om lag jamstore, vart kampen om å bli største avis i Telemark det viktigaste, ikkje å fremje politiske standpunkt.

Nye høgrebølger

Den politiske utviklinga frå 1990-åra romma sjølvsagt ei rekkje kontinuitetsberande trekk. Dei store veljarovergangane og den partipolitiske ustabiliteten som starta i 1970-åra, heldt fram. Hovudtendensen var tilbakegang for dei sosialistiske partia. Reduksjon av industriarbeidarklassen innebar tap for Arbeidarpartiet. Vekst i tenestytande næringar hadde same verknad. Til-

Oppslutning i prosent om Høgre pluss Framstegspartiet ved fylkes- og stortingsvala 1973–2013.



høvet mellom fagrørsla og partiet vart svekt, mellom anna gjennom vekst av organisasjonar utanfor LO. Det skjedde eit lite epokeskifte etter fylkestingsvalet i 1995 då partiet tapte fylkesordføraren – eit verv det hadde hatt samanhengande etter 1945, med unntak av perioden 1980–1984, då det borgarlege fleirtalet valde Bjørn Øvrum Nielsen frå Høgre. Etter valet i 1995 gjekk eit nytt borgarleg fleirtal inn for senterpartimannen Andreas Kjær, og dette var starten på eit samarbeid der Senterpartiet og Høgre skifta på ordføraren og varaordføraren, Kjær og Gunn Marit Helgesen i perioden fram til 2003, deretter Gunn Marit Helgesen og Lars Bjaadal fram til valet i 2011. Då sikra ein ny «raud-grøn» samarbeidskonstellasjon Terje Riis-Johansen som ny fylkesordfører og Christian Tynning Bjørnø som varaordfører.

Senterpartiet kom på denne måten i ei sentral stilling i fylket, sjølv om framgangen partiet hadde i 1993 og 1995, då EU-effekten var sterkast, vart reversert. Det spesielle ved Senterpartiet var likevel framleis den store skilnaden mellom Øvre Telemark, der partiet stod sterkt og fekk stor makt i kommunane, og dei nedre delane som drog gjennomsnittet ned. Partiet vart «ordførarpartiet». Etter kommunevalet i 2007 fekk partiet 6 av dei 18 ordførarane i fylket. Oppslutninga frå veljarane var på 8 prosent.²³²

Valgeografien til Senterpartiet illustrerer at politiske motsetningar mellom dei øvre og nedre delane av fylket vart haldne ved like. Like eins kan det vere relevant å dra inn politiske tradisjonar i tolkinga av gode resultat Venstre hadde ved enkelte val, eit parti som elles ikkje vann tilbake gamle posisjonar.²³³ Samla sett gjekk mellompartia tilbake. Heilt fram til 1970-åra hadde dei ei oppslutning til saman på rundt 30 prosent.²³⁴ I 1980-åra vart dei ramma av den sterke framgangen til Høgre. Dei vann ny styrke i tida rundt EU-striden. Men frå siste delen av 1990-åra var tendensen eintydig. Men det var eit sprik mellom lokalvala der tilbakegangen var minst, og stortingsvala der dei fall ned mot ei samla oppslutning på ca. 15 prosent.

Den største partipolitiske endringa skjedde ved framveksten av Framstegspartiet (FrP). Gjennomslaget for partiet kom i siste delen av 1990-åra. Frå og med stortingsvalet i 1997 var FrP det nest største partiet i fylket ved alle val, både ved stortings- og lokalvala – fram til 2011. Høgdepunktet var stortingsvalet i 2007 då 23 prosent av veljarane røysta på partiet. Ved fylkestingsvalet i 2011 miste det andre plasseren til Høgre – som då på nytt var på veg opp. Men ved stortingsvalet i 2013 flata oppslutninga om Høgre ut samstundes som FrP vann tilbake mange av veljarane det miste i 2011. Samla sett kan den partipolitiske utviklinga frå 1990-åra teiknast som ei ny høgrebølge som nådde ein topp i 2013 då over 40 prosent av telemarksveljarane røysta på dei to partia.

Det geografiske mønsteret for framgangen til FrP liknar på 80-talsbølga til Høgre. Ho starta ved kysten og i dei nedre regionane av fylket og i dei mest urbane stroka – grenlandsbyane, Bamble, Notodden og, noko seinare, Kragerø. Dette vart også dei sterkaste områda til partiet. Bamble kan framhevast.



Her gjekk partiet jamt fram. Ved kommunevalet i 2005 fekk det ei oppslutning på 36,5 prosent av røystene. Partiet breidde seg vidare til bygdene i Midt-Telemark i siste del av 1990-åra, og på 2000-talet kom Vest-Telemark med. Ved stortingsvalet i 2009 røysta over ein femtedel av veljarane i Nissedal på FrP, i Vinje nesten 18 prosent. Slik gjekk Framstegsparti-bølgja frå kyst til innland og frå sentrum til periferi. På 2000-talet var veksten relativt sett størst i innlandet og i periferien. Resultatet var ei utjamning av oppslutninga om partiet kommunane imellom.

Gjennombrøtet for FrP i Telemark var del av ei nasjonal bølgje. Partiet vart skipa i 1973 av Anders Lange som eit protestparti mot skattar, avgifter og offentleg byråkrati.²³⁵ Det kom til å prege partiet også seinare. Eit anna trekk ved partiet var vekt på «lov og orden» og ei kritisk haldning til innvandring. Det gav svar på framandfrykta som følgde med aukande innvandring. Samstundes med at partiet ville redusere skatt og byråkrati, støtta det velferdsstaten, ofte med kritikk av at velferdstenestene ikkje var gode nok – særleg når det galdt helse og eldreomsorg. Kritikken vart kombinert med åtak på den offentlege styringa. Partiet gjekk inn for privatisering av offentlege tenester, men ville la offentlege budsjett ta rekninga.

John Alvheim (1930–2005) framfor Heddal stavkyrkje. Alvheim starta sitt politiske liv i KrF på Notodden, der han vart sjukehusdirektør. Han gjekk over til FrP i 1980-åra og representerte partiet på Stortinget frå 1989 til 2005. Han var nestformann 2001–2005. På Stortinget sat han i mange år i sosialkomiteen og gjorde seg mest kjend som engasjert talsmann for helse- og sosialpolitikken.
Foto: Foto: Roger Neumann / VG / NTB Scanpix



Torbjørn Røe Isaksen (H) og Bård Hoksrud (FrP) vart regjeringskollegaer i den nye «blå-blå» regjeringa i 2013, men var usamde om utbygginga av vegnettet, m.a. om «bypakke Grenland» skulle finansierast ved hjelp av bompengar.

Foto: Bjørn Harry Schønhaug, Varden

FrP marknadsførte seg som det «nye arbeidarpartiet», partiet for «folk flest» med brei appell utover. Slik greidde partiet å slå igjennom i regionar med ulik politisk kultur. Ein samanliknande analyse av kommune- og fylkestingvalet i 2003 i dei innbyrdes svært ulike kommunane Tønsberg, Porsgrunn og Ørsta, alle med sterk FrP-framgang, viser at partiet drog fordel av å vektleggje ulike tema tilpassa kvar enkelt kommune. I Porsgrunn, som hadde vanskar med industrisektoren og sysselsetjinga, satsa partiet på kommunal hjelp til næringslivet.²³⁶ Slik fridde det til og drog til seg grupper frå ulike sosiale lag, mange arbeidarar, og folk både frå middelklassen og næringslivet. Det galdt også ungdommen. Partiet skåra høgt ved skulevala i Telemark – særleg på 2000-talet.²³⁷

I vurderinga av styrken FrP fekk i Telemark, bør John Alvheim trekkjast fram. Han vart den første stortingsrepresentanten herifrå for partiet i 1987, sat på Stortinget til 2005 og var sentral i oppbygginga av partiet i denne perioden, særleg når det galdt vendinga til eit velferdsparti frå siste del av 1990-åra. «De sakene som er viktige for velgerne i Telemark, er eldreomsorg og helse», heitte det i ein førvalsanalyse i Arbeidarpartiet i 2001: «Men dessverre for oss står FrP sterkere i disse sakene i Telemark enn i resten av landet.»²³⁸ Ein annan faktor var det at FrP skåra høgst i fylke der få tok høgre utdanning – i

den gruppa låg Telemark.²³⁹ Partiet fekk også ei sterk stilling i samferdsle- og særleg vegpolitikken. Her var Bård Hoksrud talsmann. Han representerte Telemark FrP på Stortinget etter valet i 2005 og igjen i 2009, heile tida som medlem i transport- og kommunikasjonskomiteen. Han kom frå Bamble, der partiet oppnådde dei beste valresultata ved alle val i fylket på 2000-talet, og der den første ordføraren til partiet i fylket vart valt i 2007.²⁴⁰ Men samferdslepolitikk var vel så viktig i dei øvre delane av fylket – og skaffa utan tvil partiet mange stemmer.

SAMANHENGAR OG BROTT

Det kan vere freistande å dra ein samanheng mellom nedarva protesthaldningar i telemarksbygdene, myten om den «uregjerlege» telemarkingene, opprørske mot makta, og oppslutninga om Framstegspartiet – som ofte blinka ut den politiske eliten og det sentrale byråkratiet som hovudfiende. Men å søkje etter slike samanhengar kan lett bli spekulativt. Om vi flyttar blikket frå formene for politikk til innhaldet i den, er det i alle fall vanskeleg å finne klare linjer frå den motkulturelle venstrekulturen og den radikale arbeidarkulturen til FrP. Oppslutninga om dette partiet var mest eit produkt av tidstypiske politiske straumdrag frå slutten av 1900-talet. Det vidareførte på mange måtar høgrebølgja i 1970- og 1980-åra. Frå kommune- og fylkestingvalet i 2011 vart igjen Høgre hovudkrafta i denne bølgja, men ved stortingsvalet i 2013 kom FrP sterkast tilbake. Desse høgrebølgjene var del av ein nasjonal tendens og sette ikkje Telemark i noka særstilling. Sett i eit langtidsperspektiv var det heller eit brott med den politiske kulturen i fylket. Utviklinga fall saman med andre trekk som hadde svekt særpreget ved denne kulturen som vi har følgd sidan 1905. Fylket vart meir likt resten av landet og markerte seg politisk sett ikkje lenger som «midtlandet» – mellom Austlandet og Vestlandet. Telemark gjekk inn i det 20. hundreåret som det «raude» fylket. Det gjekk inn i det nye ikledd ein langt meir samansett politisk fargeskala. Her bør ein merkje ut ein farge, ikkje heilt ny, men kraftigare markert, ved at Miljøpartiet Dei Grøne fekk eit lite gjennomslag, nasjonalt, men også i Telemark – med eit resultat som ikkje låg langt etter det SV og Venstre oppnådde.²⁴¹





DET RØDE FYLKET

HARALD BERNTSEN

Det tok hele 16–17 år fra Det norske Arbeiderparti (Ap) blei stifta i 1887, til det fikk fotfeste i Telemark. De første fagforeningene og sosialdemokratiske arbeiderforeningene i fylket blei danna i Porsgrunn og Skien på 1880- og 1890-tallet, men forsvant igjen nesten like fort som de oppsto.¹ En hovedgrunn til det seie gjennombruddet var trulig fylkets sterke og radikale Venstre, leda av Viggo Ullmann. Telemark Venstres krav om allmenn stemmerett, arbeidervernlov, tollreduksjoner og direkte statsskatt begrensa rommet for et Ap som sto for mye av det samme.

I 1898 vedtok Stortinget med Reine Venstre i spissen å innføre stemmerett for alle menn over 25 år. Men samtidig var partiet prega av økende frykt for den voksende industriarbeiderklassen og dens kamp for sine interesser. I 1903 blei Arbeiderpartiets første varige partilag stifta i Porsgrunn. I 1904 kom Skien etter, og samme året blei Bratsberg amtsparti danna.

Kommunevalget i 1907 ga Ap representanter i åtte kommuner, flest i Skien og omegn, foruten i Heddal. I det store gjennombruddsåret 1908 økte amtspartiet fra sju til 21 lokallag, med blant andre fire nye lag på Rjukan og de to første kvinneforeningene, på Skotfoss og i Skien. Ved stortingsvalget i 1909 var partiet nær ved å doble stemmetallet, i Telemark som i landet som helhet. I Øst-Telemark økte det fra 135 stemmer i 1906 til 994 i 1909, mens Venstre her tapte nær 600 stemmer (se Rovde).²

NY STORINDUSTRI, NY ARBEIDERBEVEGELSE

Det var Hydros anlegg av elektrokjemisk tungindustri på Notodden i Heddal og ved Rjukanfossen i Vestfjorddalen som gjorde Øst-Telemark til en hovedbase for fylkets moderne arbeiderbevegelse, ved sida av Porsgrunn-Skiensdistriktet. Utbygginga var en del av et nytt industrielt oppsving, basert på elektrisitet fra vannkraft, som i løpet av få år utløste store omveltninger i det norske samfunnet. Bare fra 1905 til 1908 økte medlemstallet i Arbeidernes faglige landsorganisasjon (LO) fra ca. 15 000 til 47 000. Fra 1. kvartal 1906 til 3. kvartal 1907 vokste Norsk Arbeidsmannsforbund, som var åpent for de mange nye ufaglærte anleggs- og fabrikkarbeiderne, med 300 prosent, fra 5026 til 18 223 medlemmer.³ Samme året innså Norsk Arbeidsgiverforening at fagbevegelsen hadde kommi for å bli, og gikk med på de første landsomfattende tariffavtalene med LO, aller først Verkstedsoverenskomsten, også kalt det første store klassekompromisset i kapitalismens historie i Norge.⁴

I et foredrag i Skiens sosialdemokratiske ungdomslag i 1909 slo den gamle Venstre-kjempen Viggo Ullmann fast at Arbeiderpartiet var partiet for framtida.⁵ Ullmann var ikke like redd for den nye storindustrien og dens proletariat som sin partifelle, den paternalistiske brukseieren og skipsrederen Gunnar Knudsen på Borgestad. Knudsen reagerte på utviklinga med å erklære at «fremtidens

PÅ 1960-TALLET

blei Norsk Hydro på Herøya landets største industribedrift og Herøya Arbeiderforening landets største fagforening. I slutten av august 1961 sendte lederen i Norsk Kjemisk Industriarbeiderforbund, Karsten Thorkildsen, som samtidig var styremedlem i Norsk Hydro, ut skriv om foretatte lønnsreguleringer i lønningssposene til arbeiderne. Herøya Arbeiderforening reagerte umiddelbart med å gå direkte fra arbeidsplassene i protestmarsj fra Herøya til Porsgrunn under parolen «HAF vil selv være med og avgjøre sine lønnsforhold». I spissen for demonstrasjonstoget går midt på bildet Håkon Ødegård, daværende formann i Herøya Arbeiderforening og seinere formann i Norsk Kjemisk. Til venstre for han går Odd Haugland, og til høyre kaster seinere foreningsformann og fra 1977 LO-leder Tor Halvorsen et blikk opp på foreningsfana for å sjekke om han holder snora stramt nok.

Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark

1. MAI 1919 ga revolusjonen ennå håp til arbeidere over hele verden, også på det nye industristedet Rjukan i den tidligere så trange og folketomme Vestfjorddalen.

Året før hadde rjukanarbeiderne vært blant dem som – på tvers av LO-ledelsen – fulgte parolen fra arbeiderrådsbevegelsen om å «ta» åttetimersdagen ved sjøltekt, men mista den igjen. I 1919 gikk de til en ny, to måneders streik for åttetimers normalarbeidsdag (som samme år blei innført ved lov) og for et krav til Stortinget om at det skulle sosialisere Norsk Hydro.

Foto: Løvaas-samlingen / Norsk Industriarbeidermuseum



